

Mari Berteig Moen

**R210**

Ein overgangsbustad på fjellet ved Aursjøen

Masteroppgåve i arkeologi

Rettleiar: Martin Callanan

Juni 2021





Mari Berteig Moen

## **R210**

Ein overgangsbustad på fjellet ved Aursjøen

Masteroppgåve i arkeologi  
Rettleiar: Martin Callanan  
Juni 2021

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Det humanistiske fakultet  
Institutt for historiske og klassiske studier



Kunnskap for en bedre verden



# INNHALD

<b>1 INNLEIING .....</b>	<b>1</b>
<b>1.1 Problemstilling.....</b>	<b>3</b>
<b>1.2 Disposisjon .....</b>	<b>4</b>
<b>1.3 Kulturhistorisk gjennomgang og forskningshistorie .....</b>	<b>5</b>
Mesolitikum .....	5
Neolitikum.....	6
Steinalder i fjellet .....	7
Aursjøenprosjektet.....	9
<b>2 KJELDEMATERIALE OG OMGREPSFORKLARINGAR.....</b>	<b>10</b>
<b>2.1 Kjelder .....</b>	<b>10</b>
<b>2.2 Omgrep .....</b>	<b>10</b>
Aursjøen.....	10
Kulturhistorisk sammenheng .....	10
<b>3 METODE OG TEORI .....</b>	<b>11</b>
<b>3.1 Metode .....</b>	<b>11</b>
<b>3.2 Teoretisk bakgrunn.....</b>	<b>12</b>
<b>4 R210 - materialgjennomgang og analyse.....</b>	<b>13</b>
<b>4.1 Utgravinga.....</b>	<b>13</b>
<b>4.2 Strukturar .....</b>	<b>16</b>
Vollen .....	17
Stolpehol.....	19
Eldstader.....	21
<b>4.3 Funndistribusjon.....</b>	<b>23</b>
Råstoff .....	24
Avslag .....	25
Kjernar .....	26
Flekker .....	27
Skraparar og knivar .....	28
<b>4.4 Funnmaterialet .....</b>	<b>30</b>
Råstoff .....	30
Kjernar .....	31
Knivar og skraparar .....	32
Stikkel .....	34
Prosjektil .....	35
Øks .....	36
<b>4.5 Klima, vegetasjon og landskap.....</b>	<b>37</b>
<b>5 DISKUSJON.....</b>	<b>39</b>

<b>5.1 Funksjonen til R210.....</b>	<b>39</b>
Jaktfunksjon .....	39
Fiskeplass .....	41
Bustadfunksjon.....	43
Mobilt eller bufast? .....	44
<b>5.2 Kven brukte R210? .....</b>	<b>45</b>
Tolkingar om kven som brukte fjellet.....	45
Aursjøen som møteplass .....	47
Plasseringa av R210 ved Aursjøen .....	47
Råstoff .....	49
<b>6 KONKLUSJON .....</b>	<b>51</b>
<b>LITTERATUR .....</b>	<b>52</b>

## Figurliste

FIGUR 1: KART OVER AURSJØEN OG OMEGN .....	1
FIGUR 2: HISTORISK KART OVER AURSJØEN .....	2
FIGUR 3: OVERSIKT OVER KULTURMINNER VED AURSJØEN .....	8
FIGUR 4: OVERSIKT OVER SJAKTENE .....	14
FIGUR 5: OVERSIKT OVER MEKANISKE LAG OG GRAVNE OMRÅDE .....	15
FIGUR 6: OVERSIKT OVER STRUKTURANE .....	16
FIGUR 7: VOLLEN SETT I FORHOLD TIL FELTET MOT NØ .....	17
FIGUR 8: STRUKTUR 9 I PLAN .....	19
FIGUR 9: STRUKTUR 9 I PROFIL .....	20
FIGUR 10: OVERSIKT OVER STRUKTUR 8 .....	21
FIGUR 11: OVERSIKT OVER STRUKTUR 2 .....	22
FIGUR 12: OVERSIKT OVER ALLE FUNN I LAG B1, B2 OG B3 .....	23
FIGUR 13: OVERSIKT OVER ALLE AVSLAG I LAG B1 .....	25
FIGUR 14: OVERSIKT OVER ALLE HEILE KJERNAR I B1 .....	26
FIGUR 15: OVERSIKT OVER ALLE FLEKKER OG FLEKKEFRAGMENT I B1 .....	27
FIGUR 16: OVERSIKT OVER ALLE SKRAPARAR OG KNIVAR I B1 .....	29
FIGUR 17: OVERSIKT OVER FORDELINGA AV RÅSTOFF .....	30
FIGUR 18: MIKROFLEKKEKJERNE FRÅ R210 .....	31
FIGUR 19: FLEKKEKNIV I KVARTSITT FRÅ R210 .....	32
FIGUR 20: FLEKKEKNIV MED ENDESKRAPAR I KVARTSITT .....	33
FIGUR 21: SKRAPAR PÅ AVSLAG I TRE DELER .....	33
FIGUR 22: MOGLEGE STIKLAR FRÅ R210 .....	34
FIGUR 23: MOGLEGE MIKROLITTAR FRÅ R210 .....	35
FIGUR 24: MOGLEG ØKS/MEISEL I SKIFER .....	36
FIGUR 25: OVERSIKTSBILETE AV AURSJØEN MED ORIGINAL VASSTAND SETT MOT SØR .....	37
FIGUR 26: SUMTANGEN VED FINSBERGVATN PÅ HARDANGERVIDDA .....	39
FIGUR 27: EKSEMPEL PÅ FISKEREISKAPAR I ORGANISK MATERIALE .....	42
FIGUR 28: KART SOM VISER EIT FORSLAG PÅ ULIKE TERRITORIALE GRENSER I SØR-NOREG. ....	48

Framsidedeilet viser R210 mot sør og er tatt av deltakande partar i samband med Aursjøenprosjektet i 2006.

## **Abstrakt**

Denne oppgåva tek føre seg lokalitet R210 ved Aursjøen. Lokaliteten er datert til overgangstida mellom mesolitikum og neolitikum og ligg i fjellet på om lag 850 moh. Den inneheld spor etter faste konstruksjonar og skil seg soleis frå andre lokalitetar i fjellandskapet frå denne tida. Oppgåva inneheld ein gjennomgang og analyse av strukturar og funn samt forholdet mellom desse.

Med fokus på lokalitet R210 og Aursjøen, tek denne oppgåva føre seg sider ved jakt, fangst og fiske i fjellet. Det vert diskutert rundt mobilitet, kontaktområder og kvar menneska som heldt til på R210 høyrde til.


## **Nøkkelord:**

Steinalder, vassdrag, fjell, fjellskog, kyst, innland, kontaktområder, overgangar.



# 1 INNLEIING

I tida mellom yngre og eldre steinalder hadde det vore menneske i Noreg i over 5000 år, og fjella har vore brukt omtrent like lenge. Ein kan tenkje seg at dei opplevde bruken av fjellet som ein urgamal tradisjon som forfedrane hadde nytta seg av utenkjeleg lenge. I den omtala perioden tydar det på at det var folkeauke og auka grad av bufastheit langs med kysten (Bjerck, Meling & Åstveit, 2008, s. 577), noko som synest å gjere seg gjeldande i fjellet òg. Det er òg frå siste del av mesolitikum og utover mot midten av neolitikum at det finst flest steinalderlokalitetar ved fleire av dei større innsjøane i fjellet (Skogstrand, 2019; Indrelid, 2009; Hesthagen & Kleiven, 2016, s. 45). På ein odde ved ein slik innsjø i fjellet ligg lokalitet R210.



Figur 1: Kart over Aursjøen og omegn. Merk den lilla linja som viser fylkesgrensa og deler Aursjøen i to. Karta er henta frå kartverket via norgeskart.no

Lok R210 er ein lokalitet ved Aursjøen og inneheld spor etter menneske frå tida mellom eldre og yngre steinalder med ei typologisk datering til tida mellom mesolitikum og neolitikum og ei C14-datering til siste del av seinmesolitikum (SM). Aursjøen er ein avlang innsjø med ei lengd på om lag 25 km. Den ligg om lag 850 moh. i eit dalføre som strekkjer seg nord/nordvest til sør/søraust. Den regulerede innsjøen kryssar fylkesgrensa mellom Innlandet (tidlegare Oppland) i sør og Møre & Romsdal i nord. Den nordlege delen ligg i Molde (tidlegare Nesset) kommune og den sørlege delen ligg i Lesja kommune.



Figur 2: Historisk kart over Aursjøen frå år 1919, med R210 si plassering markert som ei raud stjerne. Kartet er henta frå Kartverket (Norges geografiske oppmåling)

Lokaliteten ligg på ein odde på den austlege sida av gamle Aursjøen. Vatnet er no demt opp slik at dei originale vatna Aursjøen, Gautsjøen og Grynningen heng saman og dannar eit stort vatn som i dag har det samla namnet Aursjøen. R210 og mange andre kulturminner langs den originale strandsona ligg no under vatn. R210 har lege under vatn frå 1953 til 2006 då den vart grave ut, beskytta frå menneskeleg forstyrring, men utsett for erosjon i form av blant anna sesongbasert regulering av vatnet og frost om vinteren. Før utgraving låg lokaliteten under eit tynt slamlag og konteksten var intakt, noko som gir gode forhold for tolking i etterkant.

Lok R210 inneheld strukturar i form av eldstader, stolpehol og voll, noko som tydar på at den har eit større omfang enn dei fleste andre lokalitetar frå same periode i området. Dei antekne dateringane basert på typologi er at bustaden er brukt i frå siste del av SM og ut i første del av tidlegneolitikum (TN). Den kan synast å vere brukt over lengre tid og/eller ha fleire bruksfasar ettersom strukturane viser til ein fast konstruksjon (Callanan & Svendsen, 2006, s. 35-42). Det er få kjende bustader med strukturar som veggvoll og stolpehol i fjellet i Noreg frå steinalder. R210 kan difor bidra med viktig kunnskap om bruken av fjellet i ei tid i endring mellom SM og TN. Lokaliteten kan òg bidra med innsikt i eit kontaktområde i fjellet mellom menneske frå ulike stader i landet.

## 1.1 Problemstilling

I denne masteravhandlinga skal eg setje R210 inn i ei kulturhistorisk samanheng. Eg skal analysere funksjonen til R210 ved å sjå på strukturane og funnmaterialet, samt diskutere mobilitet og bufastheit. Eg skal setje dette opp imot kjende teoriar om menneska sin bruk av fjellet. Ein analyse av funnmaterialet vil kunne seie noko om kva aktivitetar som har gått føre seg på lokaliteten. Vidare skal eg samanlikne R210 med trendar frå andre område, for å seie noko om kvar menneska frå R210 kom i frå og/eller kva kontaktar dei hadde.

- Kva funksjon og føremål har R210 hatt for menneska som brukte staden?
  - Kvar høyrer R210 heime i jakt- og fangstaktivitetar i høgfjellet?
  - Kva fortel R210 om bruken av området?
- Kvar kom menneska som bygde og nytta seg av R210 ifrå?
  - Kan ein sjå likskap med trendar og teknologi frå andre område?

For å svare på dette ser eg det naudsynt å først introdusere dei generelle trekka ved mesolitikum og neolitikum ettersom R210 er tidsfesta i tida mellom desse epokane.

## 1.2 Disposisjon

Den første delen av oppgåva vil hovudsakeleg vere ei detaljert oversikt over kva trendar som er vanlege på bustader i steinalderen, særleg i SM og TN. Det geografiske fokuset vil vere Aursjøen og nærområdet. Andre norske fjellområde, kystområde og innlandsområde vert diskutert og samanlikna opp imot Aursjøen og R210 i ulike delar av oppgåva. Ei oversikt over kjende trendar i steinalderen er viktig for å ha eit grunnlag som kan brukast i vidare analysar i oppgåva, ettersom R210 skal setjast inn i ei kulturhistorisk samanheng. Denne delen av oppgåva skal vere ei oversikt som baserar seg på eksisterande litteratur om tema. I tillegg vil forskingshistoria, som i all hovudsak handlar om Aursjøenprosjektet og steinalder i fjellet, inngå i denne delen. Dette vil, saman med analysedelen som kjem etterpå, vise kvifor R210 er spesiell.

Neste del av oppgåva vil vere analysedelen, som er ein gjennomgang av strukturar og materiale frå R210. Først vert det ei detaljert oversikt over strukturane med nøye skildring og illustrasjonar som viser storleik, plassering og kva dei inneheld. Vidare vert funnmaterialet skildra med ein gjennomgang av ulike funnkategoriar og kva dei kan fortelje om R210. Ein vidare analyse av strukturane og materialet er ikkje gjennomført tidlegare på materialet frå R210. Rapporten frå utgravinga har ei oversikt over kva strukturar og littisk materiale som vart funne, men desse er ikkje analysert detaljert eller opp imot kvarandre. Dette skal eg vise med å illustrere funnspreiinga saman med plasseringa av dei ulike strukturane. Denne delen av oppgåva er ein samla gjennomgang og analyse. Den skal ta føre seg strukturane som er gått gjennom og korleis dei heng saman. Analysen har som føremål å bestemme karakteren til bustaden. Ein analyse av strukturane vil i denne oppgåva seie å vurdere plasseringa av strukturane og funna i forhold til kvarandre så langt det let seg gjere. Funndistribusjonen kan òg seie noko om kronologien til strukturane ved hjelp av typologisk datering, samt funksjonane til dei ulike delane av lokaliteten. I tillegg til ein gjennomgang av funn og strukturar, vert området rundt Aursjøen skildra og diskutert slik det kan ha sett ut rundt tida då R210 vart brukt. Denne delen av oppgåva har som føremål å legge grunnlag for å kunne bestemme kulturminnet sin karakter. Slik kan ein setje buplassen inn i kulturhistorisk samanheng og seie noko om korleis menneska levde der, noko diskusjonen tek for seg djupare.

Diskusjonsdelen vert todelt. Den første delen er ein diskusjon rundt kva funksjon R210 kan ha hatt. Dette vert i stor grad basert på materialgjennomgangen i førre kapittel, men òg på anna litteratur om tema. Den andre delen går ut på å dra parallellar til andre trendar og område som kan fortelje noko om R210. Dette har som føremål å kunne svare på kven menneska frå R210 var, kvar dei kom ifrå og/eller kven dei kan ha hatt kontakt med. Med andre ord vert det ein diskursanalyse av presentert materiale som har som føremål å svare på problemstillinga. Det er i diskusjonen svara på problemstillinga kjem fram.

Den siste delen av oppgåva vert ein samanfatta konklusjon av resultatata som kjem fram i oppgåva. Konklusjonen svarar kortfatta på problemstillinga.

## 1.3 Kulturhistorisk gjennomgang og forskingshistorie

### Mesolitikum

Mesolitikum i Noreg strekkjer seg i tid frå om lag 9500 til 4000 fvt. (Østmo & Hedeager, 2005, s. 244-250). Det er ein periode med store variasjonar i både naturlandskap, klima og arkeologisk kjeldemateriale. Etter at isen trakk seg tilbake frå kysten og Golfstraumen kraup nærare land (mellom om lag 14000 til 9500 fvt.), har menneske, dyr, fisk og planter integrert landskapet. Isen heldt fram med å smelte vekk innover i landet og var vekke rundt 7600 fvt. Lufttemperaturen gikk gjennom store svingingar og var, i forhold til dagens sommarmiddeltemperatur, fleire grader varmare i perioden 6300-3800 fvt. I tidlegmesolitikum (TM) var det vanleg med bjørkeskog, i mellommesolitikum (MM) var furu og hassel vanleg og i SM var det edellauvskog med or, alm og lind i låglandet. I fjellet var det lange periodar med furuskog i mesolitikum. Det er verdt å merke seg at skoggrensa var vesentleg høgare enn i dag og mykje av det me kallar høg fjell var dekkja av skog i mesolitikum (Østmo & Hedeager, 2005, s. 244-250). Dette er eit poeng i forhold til kvar reinen heldt til, sidan den trivst best over skoggrensa. Motiv på veideristningar, som tenkjeleg er frå mesolitikum, viser bileter av elg, hjort, bjørn og kval noko som viser at andre dyr enn reinen òg vart prioritert.

I det arkeologiske materiale kan ein sjå nokre regionale forskjellar som skil menneska frå kvarandre. Dei mesolittiske kulturane ein kjenner til i Noreg er hovudsakeleg Fosna, Nøstvet og Komsa, men sjå òg Bjerck (2010) for ein meir detaljert og oppdatert oversikt over kronologi i norsk steinalder. Materialbruk og teknologi endrar seg gradvis over tid. Den generelle trenden som er felles for dei ulike kulturane er den gradvise endringa frå å vere mobile jegerar og sankarar til å dreie mot eit mindre mobilt samfunn som utnyttar ressursane på ein stad i større grad. I SM er fleire strukturar og tjukke kulturlag funne ved kystnære lokalitetar, som blant anna på Aukra i høve undersøkingane på Ormen Lange (Bjerck, Melling & Åstveit, 2008, s. 576-587). Det er likevel minkande innhald med littisk materiale, i forhold til strukturar og kulturlag som indikerer lengre opphald. Dette tyder tenkjeleg på at organisk materiale som tre, gevir eller bein vart brukt i større grad enn før som råstoff til å lage reiskap som tidlegare var laga av stein.

I det arkeologiske materialet frå mesolitikum finst i all hovudsak littisk materiale, ettersom det ofte er det einaste som ikkje har gått tapt i tida. I TM var det omtrent berre flint som vart brukt, men lokale bergartar som kvarts, kvartsitt og bergkrystall vart tatt i bruk i større grad utover i mesolitikum, særleg på innlandsbustader der det er mindre tilgang på strandflint. Mesolitikum er kjend for flekketeknologi. Flekker er ein type avslag som er slått av ei kjerne med eitt slag og er dobbelt så langt som det er breitt (Østmo & Hedeager, 2005, s. 112). Flekketeknologien viser ei synleg endring over tid. Tidleg i mesolitikum var flekkene si form og storleik av stor variasjon. Utover i mesolitikum vart teknologien meir einsarta, og i SM dominerte mikroflekketeknologi der flekkene er smalare enn 8mm. Flekker vart brukt som dei var eller som basis for andre reiskapar som pilspissar, knivar eller skraparar. SM er òg kjend for bergartsøkser, bipolare kjernar og ein meir variert råstoffbruk enn tidlegare. Mot slutten av mesolitikum kan ein sjå at funnmaterialet har auka regionale forskjellar (Fretheim, 2017, s. 14; Bjerck, 2010), noko som òg talar for at folk vart meir stadbundne.

Når det gjeld buplassar frå mesolitikum er det flest klare spor frå MM og SM. Ved dei arkeologiske undersøkingane ved Aukra er det ei tydeleg samanfatning at SM er ein periode med flest funn av bustadstrukturar i form av veggvollar, grøfter, tufter og eldstader. Det er ein periode der menneska nytta same stad lengre enn før da folk var meir mobile og flytta seg oftare over større område. Olsen (1992, s. 255) har ein modell som viser endringar i busetjingsmønster i tid og rom på vestkysten. Ei utnytting av same stad over tid betyr òg eit større forbruk av dei tilgjengelege ressursane i området. På vestkysten var det vanleg med jakt på sjøpattedyr og fisk (Bergsvik, 2016), noko som var ei forholdsvis stabil matkjelde. Ved kysten er det vanleg med strukturar og kulturlag, noko som òg tyder på at det her var eit etablert område med stabile matkjelder. Oppover i fjellområda er det sjeldan ein finn noko anna enn funnkonsentrasjonar, teltringar og nokre eldstader. Lengre inn i landet i skogområda i aust er det fleire spor etter tjukke kulturlag og groptufter som sannsynlegvis har vore brukt om vinteren (Boaz, 1997).

## Neolitikum

Neolitikum er i all hovudsak sett i samanheng med jordbruksrevolusjonen. Jordbruket spreidde seg nordover frå Midtausten via elvedalar i Europa med Linjebåndkeramisk kultur. Denne kulturen kom til Nord-Europa rundt 5000 fvt., men kom ikkje til Norden før om lag 4000 fvt. Det er diskutert om jordbruket fikk inntog i Sør-Skandinavia allereie med den mesolittiske Ertebøllekulturen eller om det først kom saman med Traktebegerkulturen som er den tidlegaste kjende neolittiske kulturen i Norden. Jordbruket tok først av i seinneolitikum (SN), men det finst òg spor av jordbruk i Noreg tidlegare i neolitikum. Det har likevel mest sannsynleg vore jakt, fangst, fiske og sanking som har vore hovudnæringa til dei fleste gjennom neolitikum. (Østmo & Hedeager, 2005, s. 267-269).

Basert på pollenprøvar, kornfunn og osteologisk materiale frå arkeologiske kontekstar, er det få spor etter tamme dyr og dyrking av korn frå TN, men det finst tydelege spor frå dette i MN (Hjelle et al., 2006).


Ein kan tenkje seg at kjennskapen om jordbruk eksisterte før det var mogleg å gjennomføre denne prosessen i Norske forhold. Noko som kan tale for dette er funn av typisk neolittisk teknologi som keramikk i område der det enda ikkje er kjende spor etter jordbruk. Sjølv om det ikkje var mogleg å gro ulike kornsortar tidlegare, har menneska truleg manipulert jorda på andre måtar ved, for eksempel, å så andre nytteplanter som ulike tresortar, urter og bær osv. Menneska har òg hatt ulike former for tamme dyr, noko ein kan sjå spor av i vegetasjonshistoria frå kysten av Sør-Noreg og i Østerdalen der dei tidlegaste spora av beite er daterte til om lag 3590-3220 fvt (Selsing, 2010, s. 130). Grupper frå mesolittiske kulturar kan ha fått gradvis tilgang på reiskapar og anna ny teknologi ved kontakt med neolittiske kulturar. Eit mogleg eksempel på dette kan vere flytting av fisk i vassdrag, ettersom spor etter fiske i utilgjengelege fjellvatn først opptre i tida mellom eldre og yngre steinalder. Ettersom folk vart meir stadbundne, og nytta ressursane betre på ein stad i slutten as mesolitikum, har nok nye teknologiar for å kultivere landskapet og nytte seg av nye ressursar vore velkomne.

Området aust i Noreg og vest i Sverige som var hovudområdet for Nøstvetkulturen (den same som Lihultkultur i Sverige), hadde store teknologiske endringar i aller siste del av mesolitikum. Boaz (1999, s. 16) føreslår ei samanheng mellom Nøstvetkulturen, særleg teknologien med tverrpiler, og inntoget til Traktebegerkulturen. Han ser ein samanheng med område der tverrpiler fanst og område der Traktebegerkulturen kom først. Dette gir ei interessant fysisk lenkje mellom mesolitikum og neolitikum.

### **Steinalder i fjellet**

Forsking på steinalderlokalitetar i fjellet var mager i Noreg fram til slutten av 50-talet. Eit av unntaka er Bøe (1942) sine undersøkingar på Sumtangen ved Finsevatn på Hardangervidda. Frå slutten av 50-talet og utover var det auka utbygging av vassdrag til vasskraft i landets fjellområde. I samband med dette vart det gjort systematiske registreringar av fjell- og skogområde, noko som gjorde arkeologar meir merksame på steinalder i fjellet. Før var den aksepterte oppfatninga at fjellområda i steinalderen ikkje var bustadvenlege og at menneske difor ikkje oppheldt seg der fast utanom mogleg tilfeldig jakt og uthenting av råmateriale (Sjögren et al., 2015, s. 159). På 50- og 60-talet vart jakt og fiske sett på som det viktigaste grunnlaget for busetjing i fjellet, delvis på grunn av funnmaterialet som inneheldt pilspissar. På 50-talet var det akseptert at fjellbustadane frå steinalder utelukkande var frå yngre steinalder og det fanst ingen bustadspor som var eldre enn dette. Då meinte ein at bustadane ikkje var brukt i samband med jordbruk eller husdyrhald og var berre brukt til jakt og fiske. I løpet av 60-talet, når C14-datering vart teken i bruk i arkeologien, vart det etterkvart akseptert at fjellet var brukt av menneske i store delar av mesolitikum i tillegg til neolitikum og nyare tid. Det vart òg funne lokalitetar som stemde typologisk med mesolittisk datering. Ut over 70-talet kom spørsmålet om beitebruk i fjellet og det var ikkje nødvendigvis berre jakt og fiske som førte steinaldermennesket til fjells. (Indrelid, 1994, s. 15-17).

Den første arkeologiske undersøkinga som vart gjennomført i samband med utbygging av vassdrag, vart gjennomført i 1958-1960 i Tokke-Vinjevassdraget. Før dette, i perioden frå 1890 til 1958, vart om lag 880 konsesjonar gitt til vassdragsutbygging. Det vart ikkje gjennomført arkeologiske undersøkingar i nokon av desse, med Aursjøen inkludert. Aursjøen vart regulert for første gang i 1953 der ei mengd kulturminner vart lagt under vatn. (Finstad, 2008, s. 5).



Figur 3: Oversikt over kulturminner ved Aursjøen med dagens vasstand. Illustrasjonen er henta frå rapport (Callanan & Svendsen, 2007).



## **Aursjøenprosjektet**

Aursjøenprosjektet vart sett i gang i 2006 på bakgrunn av at demninga skulle reparerast og vatnet tappast ned til originalt nivå. Kulturminna langs strandkanten vart eksponert og kunne undersøkast for første gang sidan reguleringa av vatnet starta. Det vart til saman undersøkt om lag 300 kulturminner der 25 vart delvis eller fullstendig grave ut (Finstad, 2008, s. 10). Etersom dagens Aursjøen ligg på fylkesgrensa mellom Innland (tidlegare Oppland) og Møre og Romsdal vert ansvaret for utgravinga delt mellom NTNU (Vitenskapsmuseet) og Universitetet i Oslo (Kulturhistorisk museum). I tillegg var Norsk Sjøfartsmuseum og Lesja kommune deltakande partar i prosjektet. Oppland fylkeskommune var ansvarlege for prosjektet. NTNU (Vitenskapsmuseet) hadde ansvar for utgravinga i dei to delområda som låg innafor fylkesgrensa til Møre & Romsdal, delområde 1 og 2. (Callanan & Svendsen, 2006, s. 5 og 36). Aursjøenprosjektet var den første systematiske og omfattande arkeologiske utgravinga i eit regulert vatn (Skogstrand, 2019, s. 34). Det som gjorde det særst spesielt var samarbeidet mellom alle dei ulike administrasjonane. Prosjektet fekk fram at mange kulturminner i reguleringssona hadde overlevd tida med dei store påkjenningane frå vassreguleringa. Likevel var det ulike grader av slitasje i ulike delar av reguleringssona. Dette viser at andre regulerte vassdrag tenkjeleg har stort kunnskapspotensiale, men òg stort skadepotensiale. Dette tydeleggjer at det er mange kulturminner igjen å hente informasjon ifrå, men òg at det kan haste med å redde dei, særleg i dei mest utsette erosjonssonene. Aursjøenprosjektet sette eit viktig grunnlag for planlegging og gjennomføring av utgravingar rundt slike regulerte vatn i framtida.

## 2 KJELDEMATERIALE OG OMGREPSFORKLARINGAR

---

### 2.1 Kjelder

Dei viktigaste kjeldene i denne oppgåva er funnmaterialet og rapporten frå utgravinga av R210, ettersom desse utgjer det oppgåva dreier seg rundt. Funnmaterialet frå lokaliteten ligg på magasina til NTNU Vitenskapsmuseet i Trondheim der dei er tilgjengelege for gjennomgang og analyse til denne oppgåva. I tillegg er fotografi som vart teke under utgravinga særst viktige for å illustrere og analysere det som vert diskutert og vist til i oppgåva. Andre kjelder frå utgravinga, som dagbøker og teikningar er òg sentrale. Frå R210 er det til saman 660 funn. Det er òg ei dagbok og to sentrale teikningar som illustrerer strukturane og det gravne arealet på feltet.

### 2.2 Omgrep

#### Aursjøen

På grunn av endring av namn etter oppdemminga av dagens Aursjøen vert det naudsynt å avklare bruken av namnet «Aursjøen» i denne oppgåva. Før vatnet var demt opp var det delt i tre ulike vatn som låg på rekkje, Aursjøen, Gautsjøen og Grynningen. Etter demninga vart bygd heng desse tre vatna saman og har det samla namnet Aursjøen. Namnet Aursjøen vert i denne oppgåva brukt slik som i dag, altså til å skildre alle dei tre vatna som ei eining. Det vert i stor grad brukt som eit omgrep som viser til området R210 ligg i. Dersom det er snakk om det originale vatnet Aursjøen, som er det nordlegaste av dei tre vatna, vert omgrepet «gamle Aursjøen» brukt.

#### Kulturhistorisk samanheng

Omgrepet «kulturhistorisk samanheng» er særst sentral i denne oppgåva, og det er difor naudsynt å forklare bruken av det. Kulturhistorie er eit breitt omgrep som kan brukast på mange måtar. Stovner (2021) definerer kulturhistorie slik:

*«Den moderne fagretningen kulturhistorie studerer menneskers handlinger og tanker i fortid og nåtid, og forbindelsen mellom den materielle kulturen og menneskenes fortolkning av virkeligheten. En kulturhistoriker undersøker kulturelle og historiske prosesser som tradisjon, endring, innovasjon og spredning av for eksempel gjenstander, handlinger og fortellinger.»*

I denne oppgåva vert omgrepet brukt til å forklare den samla arkeologiske kunnskapsstatusen i norsk forhistorie. Når eg snakkar om å setje R210 inn i kulturhistorisk samanheng, meiner eg å vise kvar lokaliteten høyrer heime i forhold til den hittil kjende kunnskapen til forhistoria. I arkeologisk forståing tolkar eg dette til å vere kjennskap til ulike trendar, kjende kulturar og geografiske forskjellar og likskapar i det arkeologiske materialet over tid og avstand. Denne oppgåva går i stor grad ut på å finne ut kvar R210 høyrer heime i ein slik kronologisk samanheng.

## 3 METODE OG TEORI

---

### 3.1 Metode

I arbeidet med denne oppgåva har eg gått gjennom heile det littiske materialet frå R210 som, på grunn av moderat mengd, har vore mogleg å gjennomføre detaljert og nøye. Dette har eg gjennomført over fleire besøk til magasinet til NTNU Vitenskapsmuseet der eg har gått gjennom alle funn minst to gonger. Eg har katalogisert materialet og samanlikna eigne observasjonar med materialgjennomgangen som vart gjort etter utgravinga. Det originale dokumentet med materialgjennomgang er tilgjengeleg i databasen musit. Denne er grunnlaget for statistikken og funnspreiinga eg har laga og brukt i oppgåva medan eigne observasjonar vert brukt i analyse og diskusjon av materialet.

Alle funn har blitt fotografert samla med andre funn i same utgravingseining og eg har laga fotoliste til desse. Med utgravingseining meiner eg kvadranten og det mekanisk laget funna vart gjort i. Kvadrant er ei eining på 50x50 cm i rutenettet som er systematisk lagt over feltet, for å kunne samle inn funna i eit system. Det er dette systemet funna ligg sortert i på magasinet. Fotografering av funna på denne måten har blitt gjort for å kunne få eit overblikk under arbeidet med analysen, utan å måtte avtale time i magasinet for å sjå på materialet kvar gong. Dette har òg vore mogleg i arbeidet med denne oppgåva på grunn av at feltet og funnmengda er forholdsvis liten.

Eg har reinteikna og digitalisert alle analoge teikningar frå utgravinga i Adobe Illustrator. Alle funn har blitt lagt inn i den same fila og tilfeldig plassert innfor riktig utgravingseining i koordinatsystemet på feltet. Alle funn er delt inn i lag som blant anna skil kategori og råstoff frå kvarandre. Det er i tillegg lagt inn informasjon om funna er varmpåverka eller retusjerte, samt kva fragmentdel på flekker det er snakk om. Dette har gjort det mogleg å lage eit spreingskart til å analysere funna opp imot strukturane i feltet. Det vert brukt skjermbileter av nokre aktuelle utval av funnsamansettingar i analysedelen av oppgåva.

Eg har elles gjort meg kjend med all tilgjengeleg dokumentasjon frå utgravinga, som dagbøker og fotografi. Dagbøker har vore nyttig for å skjønne betre kva val og prioriteringar som vart gjort under utgravinga. Fotografi frå felt har vore naudsynt å studere for å gjere meg kjend med feltet og strukturane i R210. Det er flest arbeidsbilete frå utgravinga og ikkje så mange dokumentasjonsbilete (etter dagens standard med kontekst, nordpil og målestokk). Strukturar er fotografert og det er teke bilete av feltet undervegs i utgravinga, men det er ingen oversiktsbilete som er tekne rett ovanfrå og ned, verken over heile feltet eller rutene som er grave ut. Det er og sporadisk bruk av målestokk og nordpil i dokumentering av strukturar, noko som skapar nokre utfordringar. Feltet er likevel så lite og oversiktleg at det er mogleg å orientere seg utan nordpil på alle bileta. Alle strukturar er ikkje dokumentert med detaljert fotografering, men dei er synlege på andre oversiktsbilete av feltet. Arbeidsbileta er særst til hjelp for å kunne sjå for seg feltet. Nokre av desse er òg nyttige for å illustrere tidspresset, der det er bilete av vasstanden som stig og dekker til feltet på slutten av utgravinga. Det er òg teke oversiktsbilete frå helikopter som set R210 i perspektiv med andre lokalitetar og ei vasstand i Aursjøen som viser slik gamle Aursjøen

var. Sjølv om mange av desse fotografia ikkje vert brukt i denne oppgåva, har dei vore særst nyttige for å skape ei forståing av feltet og området, noko som minskar faren for feiltolking.

Diskusjonsdelen av oppgåva har ei tilnærming som går ut på å diskutere eksisterande litteratur og mine eigne tankar opp imot kvarandre og informasjonen som vert produsert i analysedelen. Dette har vidare blitt brukt til å forstå R210 betre for å kunne setje lokaliteten inn i ein kulturhistorisk samanheng.

### **3.2 Teoretisk bakgrunn**

Ein stor del av masteroppgåva vil ha ei empirisk vinkling. Den er bygd opp av ei samling med materiale som skal analyserast og samanliknast med eit eksisterande materiale. Dette er ein objektiv del som skal baserast på fakta og resultat som skal kunne provast. På den andre sida gir ikkje dette rom for vidare tolking og subjektive meiningar i det heile, noko som er naudsynt for å skape eit bilete og finne svar på viktige delar av fortida.

Dersom ein berre ynskjer å forklare fortida med fakta og naturvitskapelege verkemiddel, går ein viktig del tapt. Ein kan seie noko om kva ting menneska brukte og kva dei gjorde, men det følande og tenkjande mennesket manglar. Ein gløymer korleis omverda har påverka mennesket og korleis mennesket har påverka omverda og kvarandre. Dette er bakgrunnen for den andre delen av oppgåva som går ut på diskusjon og vidare tolking av analyseresultata. Aller først vil eg ta med idear frå kulturhistorie ettersom det vil vere naturleg å plassere R210 inn i ein kulturkategori etter at buplassen er typebestemt. Bruk av kulturhistorie vil i tillegg vere eit bindeledd mellom den empiriske delen av oppgåva og diskusjonsdelen av oppgåva. Bjørnar Olsen (1997, s. 32) skriv at "hovedprinsippet var at dersom man innenfor et avgrenset geografisk område fant et likt arkeologisk materiale fra en gitt tidsepoke, ble det definert som en arkeologisk kultur." Det er dette prinsippet som ligg bak dei definerte kulturane eg kjem til å bruke i oppgåva for å plassere R210 inn i ei kulturhistorisk samanheng.

I diskusjonsdelen av oppgåva skal eg diskutere resultata frå analysen og fortelje noko om kva bustadtypen kan seie om menneska som levde der, samt korleis kjende førhistoriske hendingar og endringar har påverka desse menneska, noko som igjen kan forklare menneska sine val då dei bygde bustaden. Oppgåva mi vert ein kombinasjon eller eit samarbeid mellom naturvitskapelege og samfunnsvitskapelege perspektiv, for å få fram eit nyansert perspektiv på ein spesifikk bustad og menneska den inkluderte.


## 4 R210 - materialgjennomgang og analyse

---


Fretheim (2017, s. 73) har ein modell på kva ulike strukturar og funndistribusjonen kan seie om ein bustad. Dei ulike strukturane som er brukt er golvareal, veggvoll, stolpehol, veggøfter, innandørs eldstad, funndistribusjon og utandørs eldstad. Desse kan fortelje noko om bustadtype, storleik på bustaden og gruppa som budde der, tid investert i bygginga, lengd på opphald og sesong, plassering av inngangsparti, vedlikehald, rydding og aktivitetssoner. R210 inneheld fleire av desse strukturtypene, men ikkje alle. Mangel på ulike strukturar som finst andre stader kan likevel fortelje noko om R210. Det er registrert eldstader, stolpehol og voll på lokaliteten. Det vart ikkje avdekka eit stort område under utgravinga og ein kan difor ikkje avkrefte at det finst eksterne strukturar som utvendig eldstad og anna utandørs aktivitet rundt R210. I tillegg var det eit stort tidspress under utgravinga, ettersom vasstanden i Aursjøen stadig kraup oppover mot lokaliteten. Dette tidspresset har hindra ei fullstendig avdekking og undersøking av lokaliteten. Tenkjeleg har det i tillegg avgrensa moglegheitene for å tolke strukturar undervegs i gravinga, og spor etter andre strukturar kan ha gått tapt.

### 4.1 Utgravinga

R210 vart grave ut i perioden 6.-9. og 14. juni 2006. Lokaliteten kunne registrerast i overflata med ein U-forma voll som var synleg i terrenget. Det vart teke fleire prøvestikk der eitt positivt (PS1) gav utgangspunktet for utgravinga og koordinatsystemet som vart brukt. Det vart grave i alt tre mekaniske lag på 5 cm (B1: 0-5cm, B2: 5-10 cm og B3: 10-15cm). Det vart grave ei sjakt som gikk frå nord til sør gjennom heile feltet. Denne vart grave mekanisk i to lag (B1 og B2) før den vestlege profilen vart dokumentert. Det vart grave to sjakter frå aust til vest, ein austleg og ein vestleg del som snitta kvar sin nordgåande arm av vollen. Mot slutten av utgravinga vart eit område sørvest i feltet avdekka og delvis spadd ut. Dette var for å eksponere overflata til den sørvestlege delen av vollen. Det vart spadd ut ei sjakt med 90 graders vinkel som snitta vollen i to retningar frå dette området. På grunn av tidspresset frå den stigande vasstanden i Aursjøen vart ikkje vollen undersøkt i si heilheit. Ei rute på 1x1m vart grave ut nordvest for feltet for å ytterlegare avgrense lokaliteten mot nord. Denne vart spadd 15 cm djup (B1, B2 og B3) utan å skilje på laga. Denne hadde ingen funn. (Callanan og Svendsen, 2006, s. 36-38).




Figur 4: Oversikt over sjaktene. Illustrasjon laga i Adobe Illustrator av underteikna.



Figur 5: Oversikt over mekaniske lag og gravne område. Illustrasjon laga i Adobe Illustrator av undertekna.

## 4.2 Strukturar

R210 inneheld fleire strukturar som tyder på ein solid bustadkonstruksjon. Det vart påvist til saman 15 strukturar under utgravinga, inkludert 3 eldstader, 11 stolpehol og ein U-forma voll.



Figur 6: Oversikt over strukturane som vart registrert på R210. Illustrasjon laga i Adobe Illustrator av underteikna.



## Vollen

Struktur 1 var synleg som ein U-forma voll før avdekking av feltet. Bakdelen av vollen låg mot sør med to armar som strekte seg mot nord. Begge armene på vollen vart snitta med to sjakter frå aust til vest (Profil 1 i aust og profil 5 i vest). Struktura vart tydeleg avgrensa i sør, aust og vest, men var vanskeleg å avgrense mot nord ettersom den vart gradvis meir utydeleg. Eit fyllskifte nord i feltet (50x, 99y SV) vart sett i samanheng med vollen og kan vere ei avgrensing på denne i nord. I tilfelle krinsar vollen rundt mesteparten av feltet. Vollen inneheldt ein brunraud masse i kontrast til massane elles på feltet som var grå og askeaktig. Utvaskingslaget under vollen skilte seg òg ut med grovare og kvassare steinar enn i massane omkring. Det vart teke ut jordprøve frå vollen, men denne er ikkje analysert. (Callanan og Svendsen, 2006, s. 38-39).



*Figur 7: Vollen(Raudbrun masse i profilen) sett i forhold til feltet mot NØ.. Biletet er tatt etter utgravinga var ferdig. Fotograf er ikkje oppgitt i fotolista.*

Veggvollar generelt ser kanskje like ut på overflata, men kan ha blitt danna av mange forskjellige prosessar. Nokre vollar er laga med føremålet å byggje opp ein veggkonstruksjon og nokon har blitt til etter at konstruksjonane har rasa saman og forvitra. Nokre konstruksjonar har spor av at golvet er grave ned og massane lempa på kanten utanfor. Dette har danna voll rundt konstruksjonen. Nokre vollar er sett saman av avfall og utkast frå bustaden og blitt danna over tid (Fretheim, 2017, s. 77). Vollen kan òg vere laga av massar som har samla seg rundt ein konstruksjon på grunn av vær, vind og snøsmelting. For å fastslå korleis ein voll har blitt til, må den gravast ut og undersøkast nærare.

Det som vart grave ut av vollen på R210 inneheld omtrent ikkje funn, og er difor lite sannsynleg laga av avfall frå hushaldet. Vollen vart ikkje fullstendig grave ut på grunn av tidspress og ein kan difor ikkje vere sikker på funnmengda, men prøvestikk, sjakting og til dels utgraving kan tyde på at den er minimal. Den inneheld heller ikkje større steinar som kan vise til at den har vore ein del av ein solid veggkonstruksjon, men inneheld nokre steinar rundt knyttnevestorleik. Vollen er likevel ikkje heilt naturleg ettersom fargen og teksturen på massen skil seg frå massane rundt. Lokaliteten har ikkje registrerte spor av at golvet har vore grave ned, men den vart heller ikkje undersøkt særleg i djupna med fokus på dette. Om ein skal konkludere på bakgrunn av desse kriteriana, ser det ut til at vollen på R210 er sett saman av veggmateriale som er rasa saman og danna ei forhøgning i terrenget eller massar som har danna seg på grunn av vær og vind. Den kan òg mogleg vere samansett av massar som er grave ut og lempa på kanten. Ein analyse av makroprøven vil kunne seie noko om kva vollen er sett saman av.

Det er fleire argument som kan tale for at golvet i R210 har vore grave ned, altså at det er ei form for grophus. Det sterkaste argumentet er at lokaliteten inneheld spor etter faste strukturar som stolpehol og voll, noko som talar for at den skal stå i ein lengre periode. Dette er vidare eit argument for at konstruksjonen skal tole å stå over vinteren. Nesten alle kjente dømer på grophus på den nordlege halvkule er vinterbustader (Boaz, 1997, s. 133). På den andre sida betyr ikkje dette at alle vinterbustader er grophus og ein kan ikkje seie noko anna enn at det er mogleg med tanke på R210. I tillegg vil eldstadene si plassering i plan så tvil om at golvarealet har vore mykje djupare enn det som er undersøkt. Det er fleire eksemplar på grophus i SM, blant anna på Aukra i vest (Bjerck, Meling & Åstveit, 2008, s. 581), Rødsmoen i søraust (Boaz, 1997, s. 98) og Hardangervidda (Indrelid, 1994, s. 229) som òg er eit eksempel på at det finst grophus i fjellet. Ei forseinking i golvarealet treng ikkje å vere like dramatisk som på Rødsmoen, der nokre av tuftene var om lag 70 cm djupe før utgraving (Boaz, 1997, s. 84). I høve R210 kan vollen vere ei blanding av massar som er kasta på under graving av golvareal og veggmateriale som har rasa saman og vitra over tid. Golvarealet kan, om ikkje anna, ha blitt planert og massane herifrå kan ha blitt brukt til å byggje opp terrenget for å beskytte mot vinden.

## Stolpehol

R210 inneheld fleire strukturar som vert tolka som stolpehol. I alt vart 11 strukturar tolka som moglege stolpehol; struktur 4, 5, 6, 7, 9, 10, 11, 12, 13, 14 og 15. Struktur 14 vart avkrefta ved snitting og tolka som eit rotvelt. Den generelle karakteren til strukturane er at dei var tydelege i plan, men beskjedne i djupna. Nokre såg ut som det skulle vere spor etter større stolpar i plan, men vidare undersøkingar med snitting kunne ikkje bekrefte det. Fleire av stolpehola inneheldt steinar som kan ha bidrege til å støtte opp stolpen. (Callanan og Svendsen, 2006, s. 40-41 og vedlegg 2).

Storleiken på stolpehola kan fortelje noko om kor kraftige stolpane har vore. Diameteren på stolpeavtrykket i bakken vil vise kor tjukk stolpen var. Ein stolpe vart ofte grave ned i bakken og sporet etter der spaden har rota om jorda er, i mange tilfelle, det einaste som er synleg etter at stolpen rotta vekk eller vart fjerna. Avtrykket etter nedgravinga er større enn avtrykket etter stolpen. Så sjølv om ein berre kan sjå spor etter dette, kan ein likevel seie noko om kor tjukk stolpen kan ha vore på det meste. I ideelle bevaringsforhold vil ein tydeleg sjå forskjell på der jorda er rota om og der stolpen har stått. Djupna på stolpen vil kunne fortelje noko om kor stabil stolpen har vore. Dette må sjåast i samanheng med kva bakken er sett saman av. Ein stolpe sett 30 cm ned i stein vil vere meir stabil enn ein stolpe sett 30 cm ned i sand. Nokre stolpar vart ikkje grave ned i bakken i det heile. Desse vart berre plassert oppå bakken, gjerne på ein større flat stein, eller støtta opp med steinar rundt på overflata. Stolpar som vart grave ned vart òg gjerne skodd med stein for å holde den meir stabil. Store og djupe stolpehol vil vise til ein større konstruksjon der taket har vore høgt eller tungt. Det kan òg tyde på større ytre påverknader som snø eller kraftig vind.



Figur 8: Struktur 9 i plan. Fotograf er ikkje oppgitt i fotolista.



Figur 9: Struktur 9 i profil etter snitting av strukturen. Fotograf er ikkje oppgitt i fotolista.

Stolpehola på R210 varierer i samansetting. Nokre er tydelege avtrykk og andre er ein liten samling med stein med litt kol. Det dei har til felles er at alle er vanskeleg å avgrense i djupna og verkar forholdsvis grunne. Det er mogleg dei var sett opp som ekstra støtte til ein konstruksjon som allereie var ganske stabil og difor ikkje trengte å sitje djupt i bakken. Det kan òg vere forholda i bakken som gjer det vanskeleg å avgrense stolpane i djupna. Stolpane kan ha vore skråstilte for å støtte opp veggane, noko som kan vere vanskeleg å oppdage. Dette kan vere logisk å tenkje seg i ein konstruksjon på fjellet der det kjem mykje snø om vinteren som pressar på både tak og veggjar. Dersom huset på R210 vart bygd for å stå lenge, måtte den tåle dei ytre påverknadane heile året. Stolpehola kan òg vere spor etter andre konstruksjonar som har hatt ein funksjon i rommet, som for eksempel eit stativ, eller berre for å halde noko oppe frå bakken. Dei treng difor ikkje å vere ein del av ein tak- eller veggkonstruksjon, noko som problematiserer teorien om ein langvarig og mogleg vinterbustad.

## Eldstader

Lokaliteten inneheldt tre strukturar som vart tolka som eldstader; struktur 2, 3 og 8. Desse var område med skjørbrent stein med spreidde bitar av kol. Struktur 2 og 8 vart snitta og det vart teke ut fleire C14-prøvar frå desse. Den eine prøven frå struktur 2 vart analysert og kom tilbake med datering cal BP 6410 til 6290(dvs. 4460-4340 fvt.)(Callanan og Svendsen, 2006, s. 40). Denne datering stemmer i høve datering på funnmaterialet.

I motsetning til voll og stolpehol, kan ikkje eldstaden fortelje så mykje om korleis bygget såg ut. På den andre sida fortel eldstaden meir direkte om menneska sine opphald og bruk av staden. Eldstaden var eit naturleg samlingspunkt i rommet ettersom den gav lys og varme der ein kunne sitje å utføre ulike aktivitetar som produksjon av verktøy eller matlaging. Ein kan seie mykje om kor viktig elden var i ei tid utan elektrisitet, særleg i Noreg der lyset og varmen frå sola ikkje strekkjer til heile året. Elden varmar og gir lys og har mange bruksområde. Eldstaden vitnar om bruk av eld og den kan fortelje mykje om aktiviteten på ein lokalitet. Berre eksistensen til eldstaden fortel at menneska hadde tilgang på ved og noko å tenne den med. Den vert blant anna brukt til å lage mat, koke vatn, tørke klede, smelte, destruere og gi lys og varme. Måten eldstaden er laga på reflekterer kva føremål den har hatt. Eldstaden er i stor grad sett i samanheng med matlaging og mange har føremål som kokegroper. Kokegroper er strengt tatt ikkje direkte bruk av open eld, men dei er eit biprodukt av ein anna eldstad ved å bruke varmen frå steinar som har ligge i eld. Dersom det er kokegroper må det difor òg ha vore ei form for bål eller eldstad i nærleiken.



Figur 10: Oversikt over struktur 8 sett mot aust.

Dei tre eldstadene på R210 er av varierende karakter. Struktur 8 er teikna inn som ein mindre eldstad, men dekker størst flate dersom ein ser på spreinga av skjørbrend stein. Den inneheld mykje skjørbrend stein og nokre kolkonsentrasjonar og er plassert sentralt i lokaliteten. Struktur 2 og 3 er plassert nærare vollen mot sør og er av liknande karakter. Desse kan ha hatt ein samanheng med kvarandre ettersom dei liknar og ligg tett saman. Struktur 2 vart snitta av sjakta som gikk nord/sør og struktur 3 vart snitta av den austlege sjakta som gikk aust/vest. Dei vart ikkje fullstendig grave ut og området i mellom dei vart ikkje undersøkt, noko som gjer det vanskeleg å seie om dei har ein samanheng med kvarandre eller ikkje. Basert på foto frå utgravinga er det mogleg at struktur 2 og 3 har hatt ein funksjon som kokegroper, medan struktur 8 kan ha vore ein open eldstad.




*Figur 11: Oversikt over struktur 2 sett mot vest.*

På bakgrunn av strukturane kan ein seie at det ligg litt ekstra investering i R210. Særleg vollen og stolpehola vitnar om ein struktur som er meint for å stå litt lengre enn mobile telt som var vanleg på lokalitetar i fjellet. Ein kan difor seie at det var ein fast konstruksjon på R210. Dei tre eldstadene viser at menneska brukte bustaden og oppheldt seg der over tid eller ved fleire anledningar. Det kan vere vanskeleg å stadfeste kor stort golvarealet har vore berre basert på strukturane, ettersom vollen ikkje er avgrensa i alle retningar. Ein kan tenkje seg at storleiken på golvet omringar alle dei andre strukturane som er registrert. Frå vollen og forbi struktur 8 mot nord er det om lag 5,5 m og frå struktur 11 til struktur 15 rett frå vest til aust er det om lag 5 meter. Ein kan difor seie at golvarealet har vore på om lag 27 kvadratmeter. Dette er særst usikkert, ettersom ein ikkje kan vere sikker på at alle strukturane har vore inne i bustaden. Stolpane kan for eksempel vere spor etter stativ som kan ha stått ute. Funndistribusjonen kan fortelje meir om aktivitetar som fann stad og ulike aktivitetssoner i bustaden, som vidare kan gi meir informasjon om strukturane.

### 4.3 Funndistribusjon

Det littiske materialet vart funne i dei 10 øvste centimetrane av utgravinga. Avgrensinga er særers usikker ettersom det berre vart grave djupare (10-15 cm) i to kvadrantar. Funndistribusjonen er difor ikkje fullstendig avgrensa i djupna. Dei 5 øvste centimetrane er grave ut over heile feltet som stort sett dekkjer heile den indre flata av bustaden. Det andre laget (5-10cm) er grave som ei meter brei sjakt frå nord til sør midt i feltet og funnmengda ser ikkje ut til å minke i stor grad. Tvert i mot aukar funnmengda i nokre kvadrantar sør i feltet, særleg i og rundt struktur 2. Det er difor sannsynleg at det er ein del funn i lag 3, og særleg i lag 2 i resten av feltet som ikkje vart samla inn under utgravinga. Dette kunne ha blitt samla inn dersom det var meir tid til planlegging i forkant og under utgravinga. Nesten alle funna er frå den austre halvdelan av feltet og ein kan sjå ei tydeleg avgrensing mot vest der det vert nesten heilt funntomt. Mot aust minkar funna, men det er ikkje ei fullstendig avgrensing her. Det er heller ikkje fullstendig avgrensa i nord der funnmengda ser ut til å minke. I sør mot vollen aukar funnmengda i lag 2 og gjer at avgrensinga mot sør heller ikkje er tydeleg nok.




Figur 12: Oversikt over alle funn i lag B1, B2 og B3 sett i forhold til undersøkt felt og struktur. Illustrasjonen er laga i Adobe Illustrator av underteikna

## Råstoff

Dei forskjellige råstoffa overlappar kvarandre i plan, men ein kan likevel sjå forskjellar. Det er tydeleg at det littiske materialet av kvartsitt har ein relasjon til struktur 8, som er den sentrale eldstaden. Dei moglege funna av kalsedon vart funne midt i feltet og nord for struktur 8. Flintmaterialet har ein større relasjon til dei to andre eldstadene, struktur 2 og 3, men det er òg konsentrert til området mellom dei tre eldstadene og har ei større utstrekning enn kvartsitten. Bruken av kvarts og bergkrystall er sparsam og er blanda saman med dei andre funna. Det ser ut til å vere ein liten konsentrasjon sørvest for struktur 8, der det ser ut til å vere nesten utelukkande bergkrystall. Det er òg ein liten konsentrasjon rett nord for struktur 8. Mange av funna i bergkrystall har preg av å ha blitt til med bipolar teknikk. Utanom flinten sør i feltet er det kvarts og bergkrystall som strekkjer seg lengst vest. Skiferfunna er utelukkande frå fire kvadrantar attmed kvarandre i lag 2 (sjå figur 12), mellom dei tre eldstadene. Det ser ut som om avslaga i skifer relaterer seg til den moglege slipte øksa/meiselen. Skiferfunna kan ha ei større utstrekking, noko som er usikkert ettersom undersøkinga av lag 2 var mangelfull.

Området rett nord for struktur 8 er interessant når ein ser på fordelinga av råstoff. Det er eit område der det er mange funn og råstoffa er litt ekstra blanda saman. Dette kan tyde på rydding av golvarealet og plassering av eit mogleg inngangsparti i bustaden. I tilfelle vil inngangspartiet vere i retning mot ei lita vik rett nord for odden R210 ligg på.






Figur 13: Oversikt over alle avslag i lag B1. Illustrasjon laga i Adobe Illustrator av underteikna.

### Avslag


Avslag, flekkeliknande avslag og bitar, fordeler seg ut over alt der det er funn. Det følger mønsteret til råstoffdistribusjonen, noko som ikkje er overraskande ettersom avslag er eit biprodukt av produksjon av reiskapar og det er difor dei det er flest av på lokaliteten



Figur 14: Oversikt over alle heile kjernar i B1. Illustrasjon er laga i Adobe Illustrator av underteikna.

## Kjerner

Det er flest bipolare kjernar frå R210. Desse er jamt fordelt utover midten av feltet og strekkjer seg generelt lengre vest enn resten av funna. To plattformkjernar i flint vart funne i same kvadrant heilt aust i feltet. Den eine kjerna er uregelmessig med fleire plattformer og den andre er ei konisk mikroflekkjekjerne. Funnet av desse to kjernane, i ein av to kvadrantar som utvida feltet mot aust, kan tyde på fleire funn mot aust som ikkje vart grave fram. Ettersom desse vart funne saman, kan det òg tyde på at dei er lagt der med vilje for å finne dei igjen seinare. Kanskje vart dei lagt inntil veggan for å rydde dei vekk.



Figur 15: Oversikt over alle flekker og flekkefragment i B1. Illustrasjon laga i Adobe Illustrator av underteikna.

## Flekker

Flekker og flekkefragment held seg for det meste aust, nord og litt sør i feltet. Det er tydeleg fleire funn av proksimale fragment(nærast slagstaden) av flekker enn distale fragment(lengst frå slagstaden), noko som kan tyde på at dei distale fragmenta er ein bruksjenstand som menneska har brukt opp og mista eller frakta med seg andre stader.


Det er ikkje utenkjeleg at desse er brukt til produksjon av pilspissar. Noko anna som kan forklare at det er færre distale flekkefragment kan vere at desse er vanskelegare å identifisere som flekker. Mange vert tenkjeleg identifisert som avslag sjølv om dei eigentleg er distale fragment frå flekker på grunn av at dei særeigne spora etter flekkebaner vert meir utydelege mot den distale enden. Proksimale og distale flekkefragment har òg nokre identifiserbare konsentrasjonar på feltet. Mediale (den midtarste delen) flekkefragment er meir spreidd kring overflata og vanskeleg å sjå nokon isolerte hendingar frå. Heile flekker ligg utelukkande nord i feltet.

### **Skraparar og knivar**

Alle dei tre sikre skraparane vart funne søraust i feltet og har ein nærare relasjon til dei to eldstadene struktur 2 og 3. Plasseringa av skraparane kan indikere eit område i denne delen av feltet som vart brukt til tilverking av pels og skinn. Dette kan ein tenkjeleg vise tydelegare ved å sjå på alle funna som ikkje er katalogisert som skraparar, men som er moglege skraparar eller har riktig funksjon til føremålet.

Det er to flekkeknivar som begge ligg nord i feltet og to avlagsknivar der den eine er nord i feltet og den andre mot søraust. Alle heile flekker og flekkeknivar ligg nord i feltet noko som kan tyde på at det har føregått ein grovproduksjon av flekker her.

Funndistribusjonen har vist at det har føregått produksjon av reiskapar rundt på feltet. Særleg har fordelinga av råstoff vist til ulike isolerte hendingar. Funntypane kan vidare fortelje noko om kva aktivitetar som har gått føre seg.




Figur 16: Oversikt over alle skraparar og knivar i B1. Illustrasjonen er laga i Adobe Illustrator av underteikna.

#### 4.4 Funnmaterialet

I alt vart det gjort 660 funn under utgraving av R210. Av desse var 515 avslag, 10 kolprøvar og 135 diagnostiske. Av desse har eg valt å trekkje fram bruksgjenstandar som kan seie noko om moglege prosessar gjennomført på R210. Det gjeld særleg gjenstandar som vert knytt til jakt og fangst, samt prosessar for tilverknad av ulike produkt frå byttedyr ettersom desse funntypane stikk seg fram i materialet frå R210. Pilspissar og skraparar er blant dei vanlegaste funntypane på buplassar i høgfjellet. (Indrelid, 2009, s. 65). Ved R210 kan mangel på funntypar, som pilspissar, seie mykje om bustaden og dei vert difor diskutert på lik linje med andre. I tillegg til funn som indikerer jakt vert det gått gjennom funn som kan seie noko om kontaktar andre stader.

#### Råstoff



Figur 17: Oversikt over fordelinga av råstoff i det littiske materialet frå R210. Illustrasjonen er laga i Microsoft Excel av underteikna.

I funnmaterialet frå R210 er det fleire ulike råstoff. Det er mest flint, men òg mykje kvartsitt og nokre funn av bergkrystall, kvarts, skifer og mogleg kalsedon. Det er ingen funn av organisk materiale som bein, gevir eller treverk. Dette har tenkjeleg vore brukt i stor grad, men har rotna vekk over tid og er difor ikkje representert i funnmateriale. Materialet inneheld 390(61%) funn av flint, 196(31%) av kvartsitt, 34(5%) av bergkrystall, 14(2%) av kvarts og 8(1%) av skifer. Nokre få av funna av kvartsitt er tenkjeleg av kalsedon. På grunn av at to funn som tydeleg var av same råstoff er katalogisert ulikt, ein som kalsedon og ein som kvartsitt, har eg sett på dette råstoffet som usikkert og vanskeleg å skilje frå kvartsitt. Eg har difor valt å føye desse saman med kvartsitt i tolkinga. Det er òg verdt å merke seg at fordelinga av råstoff er basert på kor mange funn det er av kvar type, noko som ikkje nødvendigvis reflekterer kva råstoff det er mest av i volum og vekt. Flinten er sær varierende og det er tydeleg at det er fleire ulike kjelder av dette råstoffet. Det er mykje grov grå flint, men òg andre meir finkorna typar av varierende farge og tekstur. Grov kvarts er det sparsamt med, noko som viser at dette ikkje var eit veldig ettertrakta materiale, ettersom dei sannsynlegvis lett kunne finne dette i nærleiken. Det vert derimot brukt ein del bergkrystall, særleg til bipolar teknikk. Det nest mest brukte råstoffet er kvartsitt. Kvartsitten er òg av litt ulik kvalitet, men nokre typar av fin grå til svart kvartsitt var brukt til ulike typar reiskapar og flekkeproduksjon. Midt i lokaliteten vart det funne eit grovt og vitra emne eller fragment av ei lita øks eller meisel i skifer, samt nokre avslag i same materiale like ved som tenkjeleg har ei samanheng med tilarbeiding av denne.

### **Kjerner**

Det er funne fleire typar kjerner og kjernefragment i materialet frå R210. Den som stikk seg mest fram blant desse, er ei konisk mikroflekkekjerne i fin grå flint. Det er òg eit par udefinerte kjerner og kjernefragment med fleire plattformar i svart flint og eit fragment i bergkrystall. Elles er heilt klart flest bipolare kjerner og fragment av desse. I tillegg er det eit par sikre ryggflekker og plattformavslag, samt moglege flekkefrontar. Desse viser preparering av kjerner til vidare produksjon av flekker og avslag.



*Figur 18: Foto av mikroflekkekjerne frå R210. Kjerna er om lag 5 cm lang. Funn nr. T23373- /89. Foto er tatt av underteikna i samlinga til NTNU Vitenskapsmuseet.*

## Knivar og skraparar

Knivar frå R210 er laga på flekker og avslag. Det er åtte heile og fragment av knivar eller reiskapar til å kutte eller skjære med. Fire av desse er sikre, to flekkeknivar i kvartsitt og to avlagsknivar i flint. Nokre reiskapar er både skrapar og kniv i eitt, men skrapar i enden og ein eller to skarpe eggjar på langsidenene.



*Figur 19: Flekkekniv i kvartsitt frå R210. Kniven er om lag 7 cm lang. Funn nr. T23373- /128. Foto er tatt av underteikna i samlinga til NTNU Vitenskapsmuseet.*

Knivkategorien frå mesolitikum er som regel sett i samanheng med flekker. Det er òg reiskapar som tydeleg er laga for å ha ein skjære- eller kuttefunksjon slik som avlagsknivar.

Skraparar er eit reiskap som har som føremål å skrape materiale som hud, bein og tre. Dei vert ofte laga på flekker eller avslag og vert identifiser av den karakteristiske bratte retusjen, skraparretusj, som ofte har slitasje etter bruk. Skraparar vert som oftast sett i samanheng med preparering av hud til skinn eller pels. Den skrapar av restar av feitt og reinskar skinnen for å kunne bruke det som blant anna klede, sko, reimer og posar eller vesker. Skraparar kjem i mange former, men ofte på avslag og flekker. Ein har blant anna endeskraparar der skraparretusjen er i distal ende av flekker, sideskraparar med retusjen på langsida eller andre former og kombinasjonar. Ved R210 vart det funne skraparar på avslag og endeskraparar. Dei mest karakteristiske er to store flekker av svart kvartsitt med skraparretusj i enden og skjærefunksjon langs med eggane. Den eine av desse (sjå figur 14) har propellretusj på langsidenene.





Figur 20: Flekkekniv med endeskrapar i kvartsitt. Funnet er om lag 9 cm langt. Funn nr. T23373- /30 og /219. Foto er tatt av undertekna i samlinga til NTNU Vitenskapsmuseet.



Figur 21: Skrapar på avslag i tre deler. Skraparen er om lag 4 cm lang. Funn nr. T23373- /42, /46 og /47. Foto er tatt av undertekna i samlinga til NTNU Vitenskapsmuseet.

## Stikkel

Ein stikkel er tenkjeleg eit verktøy for å lage furer i bein og gevir, gjerne for å skjære ut pilspissar og andre reiskapar i bein (Ballin, 2017, s. 28). Den vert laga ved å slå av eit lite, ofte hengsla, avslag på ein kant der det vert danna ein liten skarp egg i proksimalen til stikkelslaget. Stikkeleggen må vere lengre enn 1 mm og danne ein om lag rett vinkel på stykket si største spalteflate (Østmo, 2005, s. 354). Stiklar er ein av funnkategoriane det er mange variasjonar av og kan difor vere vanskeleg å identifisere. Ofte er ein stikkel laga på ein kant av eit avslag eller ein flekke, men kan òg vere laga på andre gjenstandar (Pitzer, 1977, s. 8). Kantstiklar er den vanlegaste typen og vert laga ved å slå eit lite hengsla avslag på ein kant. (Illustrasjon). Ein anna metode er å lage ein spiss ved å slå eit avslag skrått utover frå ein kant for så å slå eit avslag i motsett retning slik at avslaga kryssar kvarandre, dette er ein midtstikkel. (Illustrasjon).

Det er ingen funn frå R210 som er katalogisert som stiklar. Stiklar er generelt dårleg forstått, sjølv av spesialistar. Mange syns dei er vanskeleg å identifisere, noko som har ført til at dei ofte vert over- eller underrepresentert i samlingar frå jakt- og fangstlokalitetar (Ballin, 2017, s. 28). Dette er tenkjeleg det som er tilfelle i funnmaterialet frå R210. Med ei nærare gjennomgang av materialet ser ein at det er fleire av funna som kan katalogiserast som stiklar eller gjenstandar med stikkelfunksjon. Stiklar kan vise til bruk av gevir eller bein som råmateriale, noko som kan forklare mangelen på andre funntypar ved R210.



*Figur 22: Moglege stiklar frå R210. Funna er mellom 1 og 4 cm. Funn nr. T23373- /33 og /12. Det minste heilt til høgre er eit avslag frå det i midten og desse har same funn nr. Foto er tatt av underteikna i samlinga til NTNU Vitenskapsmuseet.*

## Prosjektil

Pilspissar kan vere slått eller slipt. Østmo (2005, s. 292) har nokre kriterier for slåtte pilspissar. Desse er laga av avslag eller flekker og har to heilt eller delvis retusjerte sidekantar og overflater, samt ein odd og/eller ein eller to eggjar. Dei slåtte spissane kan vidare kategoriserast som tangespissar, tverrspissar, mikrolittar eller flateretusjerte spissar.



*Figur 23: Moglege mikrolittar frå R210. f.v.: Funn nr. T23373- /68, /54 og /88. /68 er om lag 3,5 cm lang og /54 og /88 er om lag 2,5 cm lange. Foto er tatt av undertekna i samlinga til NTNU Vitenskapsmuseet.*

Det er ingen katalogiserte pilspissar frå lok R210. Det er likevel nokon som fyller kriteria for å kunne kallast ein pilspiss. I tillegg er det fleire som har same form og funksjon, men som ikkje fyller alle av Østmo (2005, 292) sine kriterier. Her kan ein nemne fleire moglege tverrpil som har brot langs sidene i staden for retusj. Det er òg nokre moglege fragment av tangespissar som det er vanskeleg å definere om tangen er forma med vilje eller om det er tilfeldig. Det er nokre moglege mikrolittar, samt ein mikrostikkel som kan vitne om produksjon av mikrolittar.

## Øks

I funnmaterialet til R210 finst det eit emne eller fragment av ei lita (berre om lag 5 cm lang) øks eller meisel i skifer. Denne er tilhogd med avslag og har ein rygg på langs over den eine flata og den motståande flata er laga av ei stor spalteflate som er ujamn. Den spalta undersida er usikker om er gjort med meining eller om det er eit spor etter at den har blitt øydelagd. Den ser ut til å vere tilhogd med avslag og har i tillegg små hakk på den eine langsida som kan minne om retusj. Den moglege retusjen er særst usikker ettersom råstoffet ber preg av nedbryting og slitasje. På den eine enden er det ein slipt egg. Basert på andre skildringar kan teknikken minne mest om den på Nøstvetøkser (Glørstad, 2011), men dette kan ikkje seiast sikkert på grunn av funnet sin noverande tilstand.



*Figur 24: Mogleg øks/meisel i skifer. Funnet er om lag 5 cm langt. Funn nr. T23373- /223. Foto er tatt av underteikna i samlinga til NTNU Vitenskapsmuseet.*

Dei ulike funntypene ved R210 kan fortelje mykje om kva aktivitetar som vart gjennomført på staden. Kjernane fortel at produksjon av ulike reiskapar fann stad, med ulike teknikkar og føremål. Skraparane, knivane og dei moglege stiklane fortel om tilverknad av ulike mjukare materialar som tre, skinn og andre produkt frå dyreriket. Særleg skraparane vitnar om tilgang på byttedyr i ei eller anna form. Dei ulike råstoffa kan vise til kontaktar andre stader. Mangelen på funntypar som elles er vanlege på lokalitetar i fjellet, kan vise til ei auka bruk av organisk materiale til desse reiskapane eller at det har føregått andre aktivitetar på staden. Den moglege vesle øksa/meiselen i skifer kan òg vitne om andre aktivitetar ved R210 ettersom denne funntypen ofte manglar ved lokalitetar i fjellet, men er vanlege ved kystnære lokalitetar. Ofte er øksar sett i samheng med arbeid med harde organiske materiale som treverk, for eksempel til bygging av stokkebåtar (Glørstad, 2011, s. 30), noko som kan vise til at treverk var eit tilgjengeleg råstoff ved Aursjøen.

## 4.5 Klima, vegetasjon og landskap

Aursjøen er ein naturleg stoppestad mellom skogsområde i innlandet mot aust og kystområde mot vest. Ein kan nå vestkysten via Aura til Eresfjorden eller mot Langvatnet og Litldalselva til Sunndalsfjorden. Austover kan ein nå elva Lågen som fører vidare søraust. Aursjøen er òg ein naturleg destinasjon i forhold til ressursar den tilbyr, som ferskvatn, mogleg fiske, gode jaktmoglegheiter på ulike hjortedyr og tenkjeleg eit rikt dyreliv med småvilt. Det var òg tilgang på lokale bergartar til produksjon av ulike reiskapar.



*Figur 25: Oversiktsbilete av Aursjøen med original vasstand sett mot sør. R210 ligg på den lange odden som stikk ut i vatnet frå venstre. Foto er tatt av deltakande partar under Aursjøenprosjektet.*

I siste del av SM skjer det store klimaendringar i fjellområda i Sør-Noreg. Denne tida markerar slutten på ein lang periode med varmt atlantisk klima med dominans av furuskog og starten på kjølegare og blautare sub-borealt klima med dominans av subalpin bjørkeskog. I områda rundt Dovrehytta (950 moh.) var det blandingskog av furu, bjørk og or samt høge pollenverdiar av alm fram til om lag 4350 fvt. Samstundes med ein oppgang i bjørk var det ein nedgang i or rundt 3670 fvt. Dette kan tyde på ein nedgang i tregrensa samt ei gradvis klimaforverring frå om lag 4350 fvt. og fram til 3220 fvt. Det er òg i starten av denne klimaforverringa at dagens isbrear og fonner byrja å dannast. (Selsing, 2010, s. 129-132). Klimaskiftet som oppstod om lag 4350 fvt. samsvarar med karbondateringa frå R210 (4460-4320 fvt.). Dette er ei av mange sider som viser at R210 er prega av overgangar.



## 5 DISKUSJON

---

### 5.1 Funksjonen til R210

#### Jaktfunksjon

Det første som ofte vert diskutert med ein gang det er funne ein lokalitet frå steinalder i fjellet, er at den må ha noko med jakt og/eller fangst av storvilt å gjere. Jakt på rein, elg og hjort er særskild diskutert som det største trekkplasteret for at menneska reiste opp i fjellet. Desse dyra gav mykje mat, men òg andre ressursar som vart verdsett, som pels, bein, gevir, sener og innvolar. Desse dyra var difor naturleg nok høgt ettertrakta av menneska, ein premie for mykje slit. Elg og reinsdyr er òg avbilda fleire stader på veideristningar som kan tale for korleis folk verdsette dei, og at det var mykje symbolikk rundt desse dyra. På bakgrunn av dette er det difor naturleg å diskutere storviltjakt innafør funksjonen til R210.



*Figur 26: Ein alternativ jaktmetode på Sumtangen ved Finsbergvatn på Hardangervidda. Her skal menneska ha drive reinen ut på vatnet ved ei innsnevring i vatnet og jakta dyra frå båt. Illustrasjonen er henta frå Indrelid & Hufthammer (2011, figur 3).*

Ved Aursjøen er det registrert fleire funn av kulturminner som vitnar om jakt og fangst. Berre nokre få meter frå R210 ligg ei fangstgrop som vart undersøkt samtidig. I området oppover mot fjella i nord er det fleire fangstanlegg med ledegjerder og fangstgroper. Sjølv om ingen av desse kan daterast så langt tilbake som mesolitikum, vitnar dei om gode fangstområde i forhistorisk tid. Det er likevel viktig å merke seg at i tida etter mesolitikum trakk skogrensa seg gradvis lengre ned og områda rundt Aursjøen vart over tid så godt som

blotta for skog. Skog eller ikkje skog er viktige føresetnader for kva fauna som oppheld seg der. Reinen trivst best over skoggrensa, medan elgen og dei andre hjortedyra for det meste har tilhald i skogen. Det er ingen hard grense og reinen trekkjer litt ned i skogen medan elgen av og til trekkjer over skoggrensa. Aursjøen på om lag 850 moh. er fri for skog i dag, men ligg ikkje langt ifrå skoggrensa. I siste del av SM låg skoggrensa ein god del høgare enn i dag (sannsynlegvis over 1000 moh.) og Aursjøen var difor sannsynlegvis omringa av skog.

I osteologisk materialet frå Hardangervidda (Indrelid, 1994, s. 242) kan ein sjå ein trend i kva storvilt som vart jakta på gjennom steinalderen. Ein kan sjå at i heile steinalderen er det for det meste rein og mogleg hjort som dominerer. Perioden 4150 til 3330 fvt. er den einaste med sikre funn av bein av elg samt nokre funn av hjort/rein, men ingen sikre funn av rein. Dette er tenkjeleg fordi skogen låg høgare i den same perioden og skogsdyra dominerte i større grad. Denne tendensen er tenkjeleg lik ved Aursjøen òg. Aursjøen ligg sannsynlegvis i lågare fjellområde enn eksempla frå Hardangervidda, og skogen har dominert her i lengre periodar.

I det arkeologiske materiale er det funn som talar for at R210 har hatt ein jaktfunksjon. Det er funne fleire skraparar og knivar og kombinasjonar av skraparar og knivar. Desse reiskapane vart tenkjeleg brukt til slakt og tilverknad av pels og skinn. Det er ingen sikre funn av prosjektil, som kanskje er det sikraste og mest direkte sporet på jakt, men det er fleire funn som kan ha liknande funksjon. Her kan ein nemne moglege tverrpilar, men òg nokre moglege tangespissfragment og nokre få moglege mikrolittar. I tillegg er det fleire moglege stiklar som vart brukt til tilverknad av blant anna bein og gevir, noko som kan vise til bruk av slike organiske materialar kan ha vore ei erstatning til littisk materiale til produksjon av pilspissar.

Ettersom det er manglande sikre funn av prosjektil kan ein heller ikkje seie sikkert at det er drive med jakt. Det kan likevel ha vore brukt pilar i stor grad, men av organisk materiale som er vitra vekk frå funnmaterialet i dag. Funna av skraparar og knivar viser til tilverknad av jaktprodukt på staden. Det kan ha vore auka bruk av fangstteknikkar i staden for direkte jaktteknikkar for å få tak i byttedyr. Ulike kjende fangstmetodar, som med sikkerheit vart brukt i nyare tid, kan òg ha blitt brukt mykje lengre tilbake i tid. Metodar som blant anna fangstgroper og ledegjerder er vanskeleg å datere ettersom dei tenkjeleg vart brukt over lang tid og kanskje fleire gangar med lange opphald i mellom. Slike metodar har nok òg vore vanlege å bruke i steinalder, men tenkjeleg i mykje mindre omfang enn i seinare tid. Elg, hjort og rein har nok vore særst ettertrakta på grunn av matmengde og alle andre ressursar dei gav i bein, gevir, sener og innvolvar, men det har tenkjeleg òg vore fanga og jakta på andre dyr enn dei store byttedyra i skog og fjell.

Småvilt som for eksempel bever, hare, ekorn, mus, mår, røyskatt, skogsfugl og villsvin har sannsynlegvis hatt ein stor plass i dietten. Slike byttedyr kan ha blitt fanga i ulike former for feller, som blant anna snarer, fangstgroper eller nett. Spor etter slike fangstmetodar har for det meste rotna vekk for lenge sidan og ein kan berre tenkje seg til at dei sannsynlegvis har eksistert. Dersom slike dyr var ein del av faunaen i området, har dei nok òg vore ein del av dietten til menneska ved R210. I tillegg har menneska samla ulike bær, nøtter, planter og



sopp. Egg frå ulike fuglar har tenkjeleg òg hatt ein viktig plass på matfatet. Dei arkeologiske spora etter sankemetodar er diverre sparsame, ettersom det sannsynlegvis ikkje vart brukt andre reiskapar enn hender og behaldarar av organisk materiale. På nokre arkeologiske undersøkingar kan ein finne spor etter maten i eldstadene, men her er det som regel berre brente nøtteskal og frø som har overlevd tida. Det er ingen eksemplar av dette ved R210.

Der det er byttedyr er det og ein sjanse for å treffe på rovdyr. Rovdyr som bjørn, ulv, jerv, rev og ulike rovfuglar trekkjer til luktene av mat og kjøt som menneska hadde skaffa og kom difor sannsynlegvis òg i kontakt med menneska som budde der.

I tillegg til byttedyr og anna mat ein kan finne på land, kan fiske ha hatt mykje å seie for menneska ved R210 dersom det fanst fisk i Aursjøen i samtida.

### **Fiskeplass**

Dersom ein skal argumentere for at R210 har ei tilknytning til fjellfiske i Aursjøen, må ein først diskutere om det fanst fisk der i samtida, noko som det ikkje er funne sikre bevis for enda. Aursjøen ligg slik til at det tenkjeleg ikkje kunne vandre inn fisk av seg sjølv på grunn av bratt og ulendt terreng nedover i vassdraget. Dersom auren skulle ha blitt frakta inn av menneske, måtte dei ha kjennskap til metodar for å gjere det på og dei måtte ha ein motivasjon til å gjere det.

Om fisk vart boren til Aursjøen, vart det tenkjeleg brukt posar av skinn eller noko liknande som ikkje mistar vatn på vegen. Det som må til er å kunne fange fisk levande eller frakte egg eller yngel over større hinder i vassdraget. Det er tenkjeleg at større fisk som svømmer oppover i elvar og bekkar om hausten for å gyte, har blitt fanga og frakta vidare oppover i vassdraget. Teknologien er enkel og lett tilgjengeleg for dei som har eit definert behov og ynskjer å finne ein måte å innfri behovet på. Motivasjonen til menneska i perioden mellom eldre og yngre steinalder var tenkjeleg stor. Perioden var prega av folkeauke og det kan ha vore eit behov for fleire område med ei stabil matkjelde. Eit scenario kan vere at folk frå kysten eller innlandet, som kom frå eit område med stabile levekår, reiste opp i fjella om sommaren/hausten for å jakte på storvilt. Storviltjakt krev enten at ein reiser lange distansar og følgjer etter flokkane sine trekkmonster eller at ein reiser til ein stad for eit kortare opphald der dyra vanlegvis trekkjer til i ein avgrensa periode i året. Storviltjakt var nok heller ikkje utan risiko og ofte med dårleg resultat. Behovet for ei anna stabil matkjelde, i tillegg til jakta, var nok stor. Her er det andre ressursar enn fisk som kan fylle behovet, som småvilt, fugl, planter og sopp. At det er mogleg å fiske gir likevel ei ekstra sikkerheit. Jo fleire moglege matkjelder det er, jo sikrare er det å kunne leve på ein stad i lengre periodar. Fleire område med meir mat vil òg gjere det mogleg å mette fleire. Dersom fleire overlever, aukar det òg sikkerheita i forhold til trugslar frå andre folkegrupper og/eller rivaliserande familiar og ikkje minst beskyttelse mot rovdyr. Motivasjonen for å setje ut fisk er difor potensielt særst stor ettersom det kan vere ein lovnad om utvikling av samfunnet i eit langsiktig perspektiv. Dette passar godt overeins med trendar elles i landet i SM der folk heldt seg meir på faste område.

Når ein ser på situasjonen ved andre vatn i vassdrag der det ikkje har vore fisk naturleg, kan ein sjå at spora etter bustader med mogleg tilknytning til fjellfiske ser ut til å ta av først

utover i neolitikum (Mjærum, 2016, s. 75). Det finst lokalitetar som er diskutert i forhold til fiske tilbake til 4000-talet fvt, men det er ingen sikre funn som kan knytast til fjellfiske som er eldre enn 5000 fvt. R210 (4460-4340 fvt.) er i tilfelle i ein tidleg fase av denne utviklinga.

I ein lokalitet i Vinstravassdraget ved Øvre Bjørnhølen er det funne fiskebein. Denne lokaliteten er datert til 4700 fvt. Det er òg funne brente fiskebein i ein lokalitet ved Vinsteren i det same vassdraget som har ei brukstid frå 6000 til 1000 fvt. Olstappen, som er eit anna vatn i Vinstravassdraget, har daterte fiskebein til 2862-2538 fvt. (Hesthagen & Kleiven, 2016, s. 43). Ein kan berre seie sikkert at eit vatn er brukt til fjellfiske dersom fiskebeina ved ein lokalitet er datert, eller kjem frå ein særst sikker kontekst som er datert. I tillegg kan funnmaterialet seie noko om fiske.



Figur 27: Eksempel på fiskereiskapar i organisk materiale som kan ha gått tapt ved R210. Illustrasjonen viser eit utval av reiskapar i bein frå Skipshelleren. Funn nr. B8600. Biletet er henta frå museumsdatabasen unimus. Fotograf: Ann-Mari Olsen.

Ved R210 er det ingen funn av gjenstandar som kan vitne om fiske. Det er ingen funn av søkker eller bein og ein kan difor ikkje seie sikkert om plassen vart brukt til fiske. Eit anna viktig poeng er at det heller ikkje er sikre funn som direkte vitnar om jakt på land, som pilspissar. Sjølv om nokre av funna kan ha hatt ein funksjon som pilspissar, er det særst få til å vere ein bustad på fjellet. Mangelen på andre jaktreiskapar kan i dette tilfellet tale for at R210 kan ha vore ein fiskeplass. Det finst reiskapar som tenkjeleg vart brukt til fiske i steinalder, men dei fleste av desse er laga av organisk materiale. Eksempel på dette kan vere liner, garn, ruser, fiskekrokar, lystregaflar og andre former for fangstanlegg. Det finst fleire eksempel av fiskekrokar av bein ved kysten av Noreg, men desse manglar i stor grad på lokalitetar i fjellet. Det kan vere fordi mange lokalitetar på fjellet har dårlegare bevaringsforhold for organisk materiale på grunn av jordsmonn, vær, snø og erosjon i reguleringssoner i vassdrag. Som regel er søkker av stein det einaste funnet som er bevart, men desse er ofte lausfunn og har ei utforming som er brukt i store tidsperiodar og difor vanskeleg å datere. I tillegg treng ikkje søkker å bli tilverka for å kunne nyttast som eit søkke, så lenge det har ei form som passar føremålet. Det kan difor vere mange steinar som er brukt som søkker på ein lokalitet som aldri vert vurdert som ein funngjenstand. (Mjærum, 2016, s. 56). Basert på problematikken rundt datering og identifisering av søkker, og at dei fleste reiskapar nytta til fiske var av organisk materiale og difor rotne vekk, kan ein ikkje avkrefte sikkert at det ikkje har vore slike gjenstandar ved R210 i perioden det levde menneske der.

Menneska sitt val av plassering av R210 kan i tillegg seie noko om fiske. Plassering av ein bustad i landskapet er ofte nemnd som argument for fiske ettersom særst mange bustader frå steinalder manglar anna sikkert materiale som kan vitne om dette. R210 ligg på ein odde på nordaustsida av Aursjøen. Odden ligg like nord for eit område som er kalla Aurstrupen som er ei innsnevring i vatnet med fleire små holmar. Like i nærleiken av R210 ligg utløpet til fattigbekken som er ein større bekk som renn ned frå høgareliggande område mot nordaust. Innsnevringar i vatn og elveutløp er ofte sett i samband med gode fiskeplassar, ettersom det er område fisken samlar seg på. Det kan òg vere gode plassar å lage diverse anlegg for fangst av fisk ved å lage demningar eller føre elvevatnet dit ein har eit fangstanlegg.

### **Bustadfunksjon**

Sjølve konstruksjonen ved R210 har hatt ein eller anna form for bustadfunksjon. Vollen, eldstadene og stolpehola tyder på langvarig eller gjentatt bruk av staden som bustad. Vollen vitnar om ei form for veggkonstruksjon og/eller utjamning av golvareal, stolpane om ein mogleg takkonstruksjon og eldstadene viser at menneske har oppheldt seg der. Vollen er tidlegare diskutert og tenkjeleg ein kombinasjon av utkast frå planering av golvareal, moglege restar etter ein veggkonstruksjon og massar som har danna seg over tid på grunn av vær og vind. Det er ikkje mogleg å seie dette sikkert på grunn av manglande informasjon ettersom det ikkje var nok tid eller ressursar til å undersøke vollen fullstendig. På bakgrunn av funndistribusjon og plassering av eldstader, ser det ut til at det har vore minst to individuelle hendingar på staden. Det kan ein sjå fordi fordelinga av råstoff kan setjast i samband med forskjellige eldstader og område i rommet. Om dette vitnar om to eller fleire separate besøk over eit større tidsrom, eller om det viser ulike funksjonar innafor

bustadarealet ved same besøk, kan ein kanskje finne ut av ved å karbondatere dei to eldstadene (struktur 8 og 3) som ikkje er karbondatert frå før. Det er ikkje utenkjeleg at den sentrale eldstaden (struktur 8) og mesteparten av kvartsitten som tydeleg har ein relasjon til denne, er ei hending av seinare datering. Denne relasjonen kan òg vise til ulike funksjonar i ulike delar av rommet.

Funnfordistribusjonen viser fleire tydelege individuelle hendingar. Ein kan sjå at alle heile flekker og flekkeknivar er funne heilt nord i feltet og alle skraparar er funne sør i feltet nærare eldstadene struktur 2 og 3. To ulike typar plattformkjernar av flint er funne i same kvadrant heilt aust i feltet. Ein kan òg sjå ulike distribusjonsområde for ulike typar råstoff, sjølv om desse overlappar. Det einaste område i feltet som ser ut til å ha ei meir kaotisk blanding av ulike råstoff er heilt nord i feltet der det ser ut til å vere mindre dominans av eit type råstoff. Dette kan vere spor av rydding av golvarealet og vise til ei mogleg plassering av inngangspartiet i bustaden.

### **Mobilt eller bufast?**

Problematikken rundt bufastheit, med mobilt eller stadbunden, har blitt diskutert i seinare litteratur. Tidlegare har ein ofte delt det inn i ein av desse kategoriane ettersom det har vore tenkt at folk enten var jegerar og sankarar eller bønder som budde på ein stad. Seinare har det blitt akseptert at det òg fanst grupper som hadde faste stader å bu på, men som flytta seg mellom to eller fleire stader etter årstider. Dei fleste bustader kan plasserast innanfor ein av desse kategoriane, men det er framleis eit problem at det er mange bustader som, i ulik grad, er ein kombinasjon av fleire kategoriar. Nokre bustader kan vere eit korttidsopphold med lette, mobile strukturar, men likevel representere eit folk som budde i same område lenge, altså folk som flytta mykje på seg innafor eit snevert geografisk område. Andre grupper kan ha faste kraftige bustader, men likevel flytte seg over store geografiske område. Kven av desse er da meir mobile eller meir bufaste enn den andre? Dette kjem an på kva ein ser på av kriterier. Ein kan seie at dersom ei folkegruppe har eit bruksområde med store geografiske avstandar, vert dei sett på som mobile, medan ei gruppe med mindre geografisk bruksområde er bufaste. Sjølv om dette kan gi mening er det vanskeleg å bruke i ein arkeologisk setting der ein skal vurdere kvar enkelte bustad individuelt. Her er det difor lettare å sjå på strukturar, kulturlag og funnmengd som kriterier på bufastheit, sjølv om folkegruppene kanskje er meir mobile enn det arkeologiske materialet viser til. Spor etter fleire opphald kan og indikere ei form for bufastheit (Bergsvik, 2001). Som ein kan sjå er det mange nyansar ein kan diskutere og det arkeologiske materialet aleine kan vere nyansert og vanskeleg å bestemme bufastheit ut ifrå.

R210 er ikkje unik i denne forståinga, men spesiell i forhold til kvar den ligg i landskapet. Her er det fleire element i det arkeologiske materialet som talar for ei form for bufastheit med strukturar som voll og stolpehol. Likevel talar mengda i funnmaterialet for korte og få opphald. Som nemnd tidlegare kan den moderate funnmengda òg vise til ei auka bruk av organisk materiale. Det er ikkje dokumentert kulturlag eller særleg tjukke funnførande lag, noko som òg kan vise til korte opphald. På den andre sida vart ikkje R210 grave særleg djupt, men det vart grave sjakter og strukturar vart snitta, noko som burde vise eventuelle kulturlag dersom desse var synlege mot undergrunnen. Ein kan i alle fall seie sikkert at stolpar og voll ikkje er lett å bere med seg over store avstandar og at desse aspekta ved

bustaden må kunna karakteriserast som bufaste. Sett frå eit anna perspektiv kan R210 vere eit resultat av ein eller to kalde sesongar der snøen kom tidleg eller låg lenge utover sommaren. Dette kan ha tvinga fram ein meir solid bustadkonstruksjon på ein elles, til vanleg, mobil bustad. Ved Aursjøen hadde menneska tilgang på treverk til å kunne lage slike konstruksjonar for å tilpasse bustaden etter forholda. Det å byggje ein litt meir kompleks konstruksjon, slik som ved R210, er likevel ei investering i staden.

R210 har hatt fleire funksjonar. Konstruksjonane vitnar om ein fast bustad, men funnmengda viser til korte opphald. Menneska har antakeleg flytta seg mellom nokre faste område, altså var menneska dels mobile og dels bufaste. Folk har drive med jakt, fangst og tenkjeleg fiske, men òg hatt kontakt med andre folkegrupper og område enn Aursjøen.

## 5.2 Kven brukte R210?

### Tolkingar om kven som brukte fjellet

Kanskje den vanlegaste tolkinga er at det var folk frå kysten som brukte fjellet i steinalder (Bang-Andersen, 1996). Dette kjem tenkjeleg av at det var kysten som først vart isfri etter siste istid. Fjellet og innlandet vart tilgjengeleg seinare og menneska som tok i bruk desse områda må difor ha kome frå kysten. Dette stemmer tenkjeleg for den tidlege bruken av fjellet dei første hundreåra etter at isen forsvann. I SM hadde heile landet vore isfritt i fleire tusen år og ulike folkegrupper har vandra inn i landet og opp i fjellet frå fleire retningar i lang tid. Det som ikkje er like mykje diskutert er dei austlege gruppene sin bruk av fjellet. Noko av grunnen til dette kan vere at det heller ikkje er gjort så mange store undersøkingar av lokalitetar i innlandet som ved kysten.

Eksemplar på større undersøkingar i innlandet er undersøkingane ved Dokkfløyvatn og undersøkingane på Rødsmoen (Indrelid, 2009, s. 51-56). Begge desse områda har mange funn frå steinalder. Dei fleste av lokalitetane frå desse to områda er i all hovudsak datert til SM og TN. Begge er sett i samanheng med elgjakt, med funn av store mengder bein frå elg på Rødsmoen og bergkunst som avbildar elg ved Dokkfløy. Beinfunn frå Rødsmoen tyder òg på stor utnytting av bever. Bruken av desse to områda kan setjast i samanheng med bruken av fjellvatna med tanke på bruksperiode. Ressursgrunnlaget ved ferskvatna i fjellet er òg meir lik den i aust enn den ved kysten i vest. Dette kan tale for ein samanheng mellom fjellvatna og innlandet. På den andre sida har innlandsgruppene tilgang på mykje av det same ressursgrunnlaget som i lågfjellet og difor har dei kanskje ikkje hatt det same behovet for å reise dit som grupper ved kysten kan ha hatt. Dei kan likevel ha reist dit for å, for eksempel, nytta seg av reinsjakt.

Elva Rena, i området frå Elverum og oppover Østerdalen, er elva dei fleste lokalitetane frå steinalder ved Rødsmoen ligg langs. Desse innlandsgruppene, som er sett i samanheng med Nøstvet/Lihult-komplekset, har tenkjeleg nytta seg av fleire av dei store elvane som Glomma og Lågen. Lågen strekkjer seg oppover Gudbrandsdalen og er nær den sørlege delen av Aursjøen. Desse elvane lagar naturlege ferdselsveggar mellom nord og sør i innlandet. Om det er jakt eller andre grunnar til at innlandsgruppene kan ha brukt fjellet, har dei i alle fall hatt naturlege veggar nordover som tek dei nær Aursjøen.

Dersom menneska kom frå vest er det logisk å diskutere dei lange djupe fjordane langs med heile vestkysten av Noreg. Med båt er desse hovudvegane frå ytterkysten og direkte inn til bratte dalføre som leiar opp i fjellet. Det finst fleire spor etter menneske frå steinalder inni slike fjordar som ofte er sett i samband med hellarar. Her kan ein nemne Skipshellaren (Bøe, 1934) som ligg i Vikafjorden aust for Osterøy og har vore nytta av menneska i steinalder til utnytting av marine ressursar. Eit anna eksempel er Skrivarhellaren (Prescott, 1991) som ligg halvvegs opp i fjellheimen mellom Sognefjorden i vest og Årdalsfjella mot aust der ein blant anna kan nå vatnet Tyin. Dei tidlegaste spora frå denne er frå neolitikum og kan vise til ei direkte lenkje mellom kyst og fjell. Fjordane som er nærast Aursjøen er Romsdalsfjorden og Sunndalsfjorden. Desse kan ha representert fartsårer inn til Aursjøen frå ytterskysten. Det er heller ikkje utenkjeleg at nokre grupper oppheldt seg fast inni fjordområda, slik som det ser ut til ved Skipshellaren. Slike grupper vil da naturleg ha ei nærare tilknytning til sine næraste fjellområde.

Fleire kjelder diskuterer ideen om ei eiga gruppe menneske som har spesialisert seg på å bu i fjellet. Sjögren et al. (2015, s. 160) føreslår ei slik spesialisert gruppe i sentrale fjellområde med bakgrunn i lokalitetane frå steinalder ved Vålåsjøen og Avsjøen på Dovre og aktiviteten i Grimsdalen. Det vert vist til at desse sannsynlegvis flytta ned i lågareliggande dalar i dei kaldaste vintermånadene, men hadde elles tilhald i fjellet. Dovre og Grimsdalen er nære naboar til Aursjøen i nord og aust. Indrelid (1997, s. 140) er òg inne på ideen om ei eiga gruppe i fjellet. Han påpeiker han at dei nordlege fjellgruppene har ei likskap til Fosnakulturen medan dei sørlege har ei likskap til Nøstvetkulturen. Dei to fjellgruppene manglar likevel viktige funntypar i forhold til Nøstvet- og Fosnakultur, noko som styrkar ideen om eigne fjellgrupper som har utspring i desse to. På den andre sida kan den nemnde mangelen på funntypar vere på grunn av forskjellige behov på ulike stader i landskapet. For eksempel er det andre behov ved kysten der det vart jakta på sjøpattedyr og andre marine ressursar enn i fjellet og innlandet der desse ikkje finst, utanom tenkjeleg aurefiske i innsjøane. Ulike aktivitetar gir òg ulike behov for reiskapar og verktøy. Gruppene i fjellet kan difor vere dei same menneska som ved kysten, men med ulike reiskapar i ulike landskap. I høve den sørlege fjellgruppa nemner Indrelid at i tida mellom 5500 og 3000 fvt. er det ei bustadgruppe i høgfjellet som vert karakterisert med høgt, nærare 100%, forbruk av flint som råstoff. Dersom andre råstoff er brukt, er det utelukkande bergkrystall. Av spissar var det berre nokre få eksemplar av tverrpilar på nokre bustader. Vidare poengterer han mikroflekke slått av koniske kjernar og skraparar med konveks egg som dei dominerande funntypene. Det er òg nokre funn av slipeplater i sandstein, samt ei typesikker Nøstvetøks som vart funne på Hardangervidda. Utanom det store forbruket av kvartsitt på R210, er denne funnsamansetjinga ganske lik. Det som er spesielt verdt å merke seg er mangelen på pilspissar, noko som elles ikkje er så vanleg på lokalitetar i fjellet. Andre likskapar er bruken av koniske mikroflekkekjernar og økseemnet i skifer som er grovt tilhogt og har slipt egg, noko som er typisk for Nøstvetøkser (Glørstad, 2011, s. 26). I tillegg er det nokre moglege tverrpilar i materialet. Denne likskapen viser til at R210 kan ha nokre sørlege og austlege kontaktar med fjellstrøk mot sør og Nøstvetkomplekset i sør og aust. Det er eit anna eksempel på dette frå Jotunheimen, der det er funne ei typesikker Nøstvetøks, noko som indikerer kontaktar mot søraust (Selsing, 2021, s. 88). Denne har mogleg blitt frakta dit av

dei same menneska som lagde bergkunsten ved Dokkfløy, noko som i tilfelle er ei direkte lenkje mellom kystfolk i søraust, innlandsfolk i aust og fjellandskapet mot vest.


### **Aursjøen som møteplass**

Bruken av Aursjøen tok til i MM og tok av i SM. Vidare auka aktiviteten opp imot ein topp i midten av neolitikum og byrjinga av bronsealder (Skogstrand, 2019, s. 34). I løpet av denne tida har det vore menneske der frå nord, sør, aust og vest. Dette kan ein sjå i funnmaterialet frå Aursjøen. Det er funne blant anna segmentknivar frå SM som er eit typisk Nøstvetelement. Utover i neolitikum er det funne støvelforma skiferknivar som kan vise til nordlege kontaktar, samt avslag frå slipte flintøkser og eit generelt høgt flintforbruk. Skogstrand (2019, s. 107) framhevar søraustenden av Gautsjøen som kulturell møteplass i neolitikum, noko som er på bakgrunn av funnsamansetning og råstoffbruk.

Dersom dei ulike folkegruppene som møttes dreiv byttehandel i SM, kan dette ha vore ein stor pådrivar til møte mellom folk frå kyst og innland. Marine landskap ved kysten og skogslandskap i innlandet hadde særskilte og unike ressursar og tilby kvarandre. Kystfolket hadde ressursar som flint, spekk og selskinn og innlandsfolket hadde ressursar som horn og skinn frå elg og tilgang på andre dyr som blant anna bever. Fjelldalane og dei store innsjøane (som Aursjøen) mellom desse områda kan ha vore eit trekkplaster frå begge sider med moglegheit for reinsdyrjakt vidare oppover i høgfjellet. Dette er eit argument for at Aursjøen og liknande område i fjellet kan ha fungert som møteplassar mellom ulike folkegrupper. Kanskje særleg i ei tid som SM der dei ulike gruppene byrja å få ei sterkare tilknytning til ein heimstad, men kanskje likevel flytta seg til andre område etter sesong eller ressursbehov. Dette gjorde at dei hadde nokre basisressursar og tok med seg desse til stader som Aursjøen der dei møtte andre likesinna som kom frå andre stader med andre sett med ressursar. Ein kan sjå for seg at sesongbustadane til folkegrupper som kom frå ulike himmelretningar kan lege i same område, for eksempel Aursjøen. Slike sesongbustader kan på bakgrunn av dette ha større likskap i funnmaterialet på grunn av ein mogleg byttehandel og tettare kontakt med kvarandre på staden. Mykje av reiskapane og ressursane ein bytte til seg kan i stor grad ha blitt brukt med ein gang og avfallet frå dette vart igjen på sesongbustaden. Dette scenarionet kan forklare kvifor materialet frå R210 kan peike i fleire retningar og det kan vere vanskeleg å bestemme kvar menneska kom ifrå basert på dette. Det er heller ikkje umogleg at R210 høyrer til ei eiga gruppe som spesialiserte seg på å bu i fjellområda med flytting mellom høgfjell og lågfjell etter sesong. Ei gruppe som heldt til mellom kystfolket i vest og innlandsfolket i aust og difor har ei arkeologisk samansetjing som kan peike begge retningar.

### **Plasseringa av R210 ved Aursjøen**

R210 sin plassering ved Aursjøen er eit viktig aspekt ved kvar menneska høyrde til. R210 ligg langt nord ved nordaustbreidda til Aursjøen. Aursjøen strekkjer seg frå nord/nordvest til sør/søraust med ei lengd på om lag 25 km. Dersom Aursjøen har vore destinasjonen, noko det sannsynlegvis har vore på grunn av valet med å byggje ein fast konstruksjon som R210, er det sannsynleg at desse menneska har hatt ei vestleg eller nordvestleg tilknytning. Dette er fordi R210 ligg nærast vestkysten langs med Aursjøen og difor har dei tenkjeleg hatt ei tilknytning i den retninga.



Figur 28: Kart som viser eit forslag på ulike territoriale grenser i Sør-Noreg. Merk at det er ingen tydelege grenser som skil dei sentrale fjellområda frå kyst- og innlandsområda. Område nemnd i denne oppgåva: 4 Bømlo (Hespriholmen og Figgjo), 5 Skipshelleren, 8 Aukra (Ormen Lange)), 11 Rena (Rødsmoen), 18 Dokkfløy. Aursjøen ligg i området mellom «Rauma», «Trollheimen» og «Oppdalsfjellene». Illustrasjonen er henta frå Selsing (2021, s. 82).



## Bustadtype

Det kan vere problematisk å produsere informasjon om ulike område og kulturar basert på ulike typar bustader i mesolitikum. Fretheim (2017, s. 71-108) har sett nærare på ulike bustader og aktivitetsområde, med ulike strukturar, innafor eit avgrensa område og det viser eit resultat der det er store variasjonar i byggjestil og funksjonar innafor eit lite geografisk område. I tillegg kan ein sjå at bustadkonstruksjonar frå steinalder som oftast inneheld for lite informasjon til å kunne rekonstruere bygget på ein truverdig måte. Dette problematiserer bruken av byggjestil til å bestemme kulturelle og geografiske skilnader ved steinalderlokalitetar. Sjølv om ein ikkje naudsynt kan bestemme tilhøyret til ein spesifikk kultur ved å sjå på bustadkonstruksjonar, kan ein likevel samanlikne likskap og ulikskap til andre lokalitetar ved å sjå på strukturtypane saman med funnsamansetjinga. I høve R210 vert det mest fruktbart å diskutere funnsamansetjinga når det er snakk om likskap og ulikskap til andre kulturar. Dette er fordi det generelt er størst fokus på funnmateriale i undersøkingar av lokalitetar frå steinalder i Noreg, ettersom det ofte er sparsamt med strukturar og kulturlag. Det er difor størst materialgrunnlag i funnmaterialet, noko som gir eit betre bilete på regionale forskjellar enn strukturar og bustadtypar kan aleine.

Konstruksjonen ved R210 har sannsynlegvis hatt golv, tak og veggjar til ein viss grad. Det er tenkjeleg eit planert golvareal der det har stått stolpar som har støtta eit tak og/eller veggjar. Veggane og taket har vore tetta på ein eller anna måte for å halde vær og vind ute. Strukturane på bustadene frå SM ved Ormen Lange har stort spenn i storleik, form og oppbygging (Fretheim, 2017, s. 83-84). Golvarealet har ei storleik på alt frå 6 til 27 kvadratmeter, noko R210 sannsynlegvis passar inn i. Det er òg stor variasjon i strukturar der mange har vore av ulik oppbygging, blant anna berre oppbygd av sand og grus slik som R210. Dei fleste har golvareal som er søkkje ned i bakken, noko ein ikkje kan seie sikkert på R210. Det er òg skildra stolpehol som er tydelege i plan, men vanskeleg å avgrense i djupna. Dette stemmer ganske bra med skildringa av strukturane på R210. Sjølv om R210 passar inn i skildringane frå Ormen Lange på vestkysten, kan ein ikkje seie at dette er nok bevis for å sikkert knyte kontakten hit. Talet på bustader frå SM ved Ormen Lange er ikkje stort nok, og struktursamansetjinga har for stort sprik til å gi ein felles mal på bustadtypane. I tillegg er nokre av strukturane ved R210 usikre i form og storleik, noko som problematiserer dette enda meir. Ein kan heller ikkje avkrefte dei nemnde likskapane heilt, ettersom dei framleis kan tyde på kontaktar vestover, sjølv om dette er særst usikkert.

## Råstoff

Det største argumentet for at R210 høyrer til eller har kontakt med menneske frå kysten i vest er det store og varierte forbruket av flint. Flint er i all hovudsak ein ressurs som berre er tilgjengeleg i strandsona ved havet i Noreg. I høve distribusjonen av strandflint langs med kysten, ser det ut til å vere god tilgang ved kysten av Nordmøre og ikkje like mykje flint nord for Trondheimsfjorden der det er større forbruk av kvarts og kvartsitt (Boaz, 1998, s. 163). På den andre sida er det funne flint på buplassar frå SM lengre aust i innlandet òg, sjølv om det er eit større forbruk av lokale bergartar her enn ved kysten (Boaz, 1997). Dette tyder på at sjølv menneska lengst inn i landet hadde ei slags tilknytning til kysten òg. Lokalitetane ved Rødsmoen i innlandet er nærast kysten i Oslofjordområdet mot sør. Dersom ein skal sjå på det frå aust til vest er havet omtrent like nært i vest som gjennom Sverige i aust. Det er få eller ingen område i sørlege delar av Noreg som ikkje har

steinalderlokalitetar som inneheld flint. Utan ei omfattande råstoffanalyse av dei ulike flinttypane på ulike lokalitetar, kan ein ikkje seie noko om kva kyst den stammar frå. Ein kan difor ikkje seie med sikkerheit at R210 har vestleg tilknytning på grunn av flintmaterialet. På den andre sida er vestkysten den klart næraste tilgangen på strandflint i luftlinje. Dersom flinten på R210 skulle ha kome frå aust eller sør, må den ha kome via kontakt og handel mellom menneska derifrå. På bakgrunn av god flinttilgang på kysten av nordvestlandet og nærleik til dette området, er det stort sannsyn for at flinten på R210 kom herifrå.

31 prosent av funna frå R210 er laga av kvartsitt. Dette råstoffet, saman med bergkrystall, kvarts, kalsedon og skifer, viser til utnytting av lokale bergartar. Dette kan vere ein reaksjon på mangel på flint, men dei ulike råstoffa kan òg ha vore ettertrakta til produksjon av ulike reiskapar. Ved R210 kan ein for eksempel sjå at kvartsitt har blitt brukt som råstoff til produksjon av flekkeknivar og skraparar. Ein kan òg sjå at skifer vart brukt til produksjon av ei lita øks og bergkrystall har blitt tilarbeida med bipolar teknikk. Dei ulike råstoffa har ulike eigenskapar og har difor vore brukt til forskjellige føremål. Sjølv om uttaksstadene til desse råstoffa ikkje er kjent, er det sannsynleg at dei henta frå området i nærleiken. Ein kan sjå i materialet frå Tesse at det er funne svart kvartsitt med kvite striper som ser lik ut som den frå R210 (Bjørkli et al., 2016, s. 33 – Figur 19). Det er foreløpig ikkje gjort nokon analyse på utstrekkinga til dette råstoffet slik som det er gjort andre stader. Her kan ein for eksempel sjå på uttaka frå grønsteinsbrotet på Hespriholmen og ryolittbrotet på Siggjo i Bømlø, og desse råstoffa si geografiske utbreiing i det arkeologiske funnmaterialet (Alsaker, 1987). Ein analyse av utbreiinga av kvartsitttypen frå R210 kan fortelje meir om kontaktar og kulturelle likskapar i området.

## 6 KONKLUSJON

---

R210 reflekterer på mange måtar ein typisk bustad frå ein overgangsperiode. Den ligg og vakar i tid mellom Mesolitikum og Neolitikum. Før og etter denne overgangen er så forskjellige at ein har delt dei inn i eldre og yngre steinalder. Overgangsfasen mellom desse er naturleg nok ei tid med store samfunnsmessige endringar. Det er tenkjeleg ei tid med mykje prøving og feiling for å prøve å tilpasse seg etter endringane som skjer. Mesolitikum og neolitikum er to ulike tidsepokar med ulike sett reglar og trendar. Overgangsfasen mellom desse er på mange måtar ei tid utan reglar, noko som kan forklare den sjeldne samansetjinga med faste strukturar og manglande funn ved R210. Dersom R210 som byggjemetode hadde vore lønnsam hadde ein tenkjeleg sett fleire liknande funn frå samtida eller i tida etter. På bakgrunn av dette kan ein konkludere med at forklaringa på kvifor R210 skil seg frå andre, rett og slett kan vere at det er ei utprøving av nye ting i ei tid med store endringar i kultur, teknologi og klima.

På bakgrunn av den moderate funnmengda og synlege isolerte hendingar i funndistribusjonen, har bustaden tenkjeleg vore prega av korte opphald og fleire besøk. Dei faste strukturane vitnar likevel om at lokaliteten var ein, i alle fall planlagt, fast bustad som kunne tåle å stå over vinteren. Desse motseiande aspekta ved R210 gir grunnlag for ein konklusjon der R210 var ein sesongbasert bustad der folk har hatt tilknytning ein anna stad i store delar av året, men hatt ein fast bustad i R210 og kome tilbake til over fleire år. Menneska har tenkjeleg hatt sanking, jakt, fangst og fiske som næring. Dette er basert på plasseringa, ved ei innsnevring og bekkeutlaup i vatnet, samt området oppover mot fjella i aust som har gode tilhøve for storviltjakt av rein. Fjellskogområdet var tenkjeleg rikt på både småvilt, storvilt og rovdyr. I tillegg gav fjellskogen ressursar som ved, byggjemateriale og materiale til produksjon av ulike reiskap. I tillegg til ressursar Aursjøen gav, var dette òg tenkjeleg ein stad der det var sannsynleg å møte andre folkegrupper. Dette gav moglegheit for å bytte til seg reiskapar, ressursar, kunnskap og impulsar frå andre stader.

Sjølv om ein ikkje heilt kan avkrefte at R210 hørde til grupper som kom frå skogområda i innlandet, ser eg det som mest sannsynleg at menneska har hatt ei vestleg tilknytning til fjordområda og kysten. Her er det lagt stor vekt på mengda med flint på bustaden, noko som viser ei nærleik til kysten. I tillegg spelar plasseringa av bustaden langs Aursjøen ei vesentleg rolle, ettersom R210 ligg ved gamle Aursjøen som ligg lengst nordvest av den lange rekka med gamle Aursjøen, Grynningen og Gautsjøen som strekkjer seg om lag 25 km mot søraust. Lokaliteten har i tillegg ei samansetjing av strukturar og utforming som kan minne om tendensar frå samtida på vestkysten.

Ein kan heller ikkje avkrefte at R210 høyrer til ei eiga gruppe som har tilhald i høgareliggende strøk heile året, men som etter sesongar flytta seg mellom høg fjell og lågfjell i ei mindre geografisk utstrekking enn frå fjellet og heilt ut til kysten. Ei slik gruppe kan kanskje identifiserast tydelegare etter at fleire lokalitetar i fjellet har blitt undersøkt.

## LITTERATUR

---

- Alsaker, S. (1987). *Bømlo: Steinalderens råstoffsentrum på sørvestlandet*. Arkeologiske avhandlinger nr. 4. Historisk museum, Universitetet i Bergen.
- Ballin, T. B. (2017). Lithic Assemblages: A guide to processing, analysis and interpretation. *BAJR series, 2017*(GUIDE 49)
- Bang-Andersen, S. (1996). Coast/inland relations in the Mesolithic in southern Norway. *World Archaeology, 27*(3), s. 427-443. <https://www.jstor.org/stable/124934>
- Bergsvik, K. A. (2016). Fiske i eldre steinalder på Vestlandet. *Årbok for universitetsmuseet i Bergen, 2016*. s. 6-14.
- Bergsvik, K. A. (2001). Sedentary and Mobile Hunter-Fishers in Stone Age Western Norway. *Arctic Anthropology, 38*(1), s. 2-26.
- Bjerck H. B., Meling T. & Åstveit L. I., (2008). Kapittel 5: Kulturhistorisk syntese- Nyhamna gjennom 11000 år i et overregionalt kulturhistorisk perspektiv. I Bjerck H. B. (Red.), *NTNU Vitenskapsmuseets arkeologiske undersøkelser: Ormen Lange Nyhamna* (s. 547-613). Tapir Akademisk Forlag
- Bjerck, H. B. (2010). Norwegian Mesolithic Trends: A Review. I G. Baily & P. Spiking (Red.), *Mesolithic Europe*. Cambridge Univ Press
- Bjørkli, B., Friis, E. K., Mjærum, A. & Wammer, E. U. (2016). Tesse – Et arkeologisk eldorado og en innfallsport til fjellfisket. I A. Mjærum & E. U. Wammer (Red.), *Fjellfiske i fortiden: Årtusener med svømmende rikdom* (s.15-35). Portal forlag AS
- Boaz, J. (1997). Steinalderundersøkelsene på Rødsmoen. *Varia. Universitetets oldsakssamling, 1997*(41)
- Boaz, J. (1998). Hunter-Gatherer Site Variability: Changing patterns of site utilization in the interior of eastern Norway, between 800 and 2500 B.P. *Universitetets Oldsaksamling Skrifter, Ny rekke* (Nr. 20)
- Bøe, J. (1934). *Boplassen ved Skipshelleren: På Straume i Nordhordaland*. Bergens museums skrifter nr. 17.
- Bøe, J. (1942). *Til høgfjellets forhistorie: Boplassen på Sumtangen ved Finsevatn på Hardangervidda*. Bergens museums skrifter nr. 21
- Callanan, M. & Svendsen, F. (2006). Aursjøenprosjektet 2006 (Rapport Aursjøenprosjektet 2006). Trondheim: Vitenskapsmuseet/Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
- Finstad, E. (2008). Aursjøenprosjektet 2006 (Kulturhistorisk rapport, 2008-1). Lillehammer: Oppland fylkeskommune
- Fretheim, S. E. (2017). Mesolithic dwellings- An empirical approach to past trends and present interpretation in Norway (Doktoravhandling). Norwegian University of Science and Technology, Trondheim
- Glørstad, H. (2011). The Nøstvet axe. I V. Davis & M. Edmonds (Red.), *Stone Axe Studies III* (s. 21-36). Oxbow books, Oxford
- Hesthagen, T. & Kleiven, E. (2016). Auren i Jotunheimen: Når vart han innført, og kor kom han frå?. I A. Mjærum & E. U. Wammer (Red.), *Fjellfiske i fortiden: Årtusener med svømmende rikdom* (s. 37-53). Portal forlag AS
- Hjelle, K. L., Hufthammer, A. K. & Bergsvik K. A. (2006). Hesitant Hunters: a review of the introduction of agriculture in western Norway. *Environmental Archaeology, 11*(2), s. 147-170.

- Indrelid, S. (1977). Eldre steinalder i sørnorsk høyfjell. Boplasser, bosetningsmønstre og kulturformer. *Viking. Tidsskrift for norrøn arkeologi*, 1977(40), s. 129
- Indrelid, S. (1994). Fangstfolk og bønder i fjellet: bidrag til Hardangerviddas førhistorie 8500-2500 år før nåtid. Oslo: Universitetets Oldsamling
- Indrelid, S. (2009). *Arkeologiske undersøkelser i vassdrag. Faglig program for Sør-Norge*. Riksantikvaren
- Indrelid, S. & Hufthammer, A. K. (2011). Medieval mass trapping of reindeer at the Hardangervidda mountain plateau, South Norway. *Quaternary International*, 238(1-2), s. 44-45. <https://doi.org/10.1016/j.quaint.2010.09.008>
- Mjærum, A. (2016). De første fiskerne i fjellet. I A. Mjærum & E. U. Wammer (Red.), *Fjellfiske i fortiden: Årtusener med svømmende rikdom* (s. 55-78). Portal forlag AS
- Olsen, A. B. (1992). *Fagstbosetning og tidlig jordbruk i vestnorsk steinalder: Nye funn og nye perspektiver*. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2015030906096](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2015030906096)
- Olsen, B. (1997). *Fra ting til tekst: Teoretiske perspektiv i arkeologisk forskning*. Universitetsforlaget.
- Pitzer, J. M. (1977). A Guide to the Identifications og Burins in Prehistoric Chipped Stone Assemblages. *Index of Texas Archaeology: Open Access Grey Literature from the Lone Star State, 1977*(Article 19). <https://doi.org/10.21112/ita.1977.1.19>
- Prescott, C. (1991). *Kulturhistoriske undersøkelser i Skrivarhelleren* (Arkeologiske rapporter 14). Historisk Museum, Universitetet i Bergen.
- Selsing, L. (2010). Mennesker og natur i fjellet i Sør-Norge etter siste istid med hovedvekt på mesolitikum. *AmS-Varia. Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger*, 2010(51)
- Selsing, L. (2021). Main Territories in South Norway in the Mesolithic. *Environmental Archaeology*, 26(1), s. 75-98. <https://doi.org/10.1080/14614103.2020.1758992>
- Sjögren, P., Austrheim, G., Stene, K., Hjelle, K., Rosvold, J. og Tretvik, A. M. (2015). Fjellets kulturlandskapshistorie. I: G. Austrheim, K. Hjelle, P. Sjögren, K. Stene og A. M. Tretvik (Red.), *Fjellets kulturlandskap – Arealbruk og landskap gjennom flere tusen år* (s. 159-179). DKNVS skrifter, 2015(3). Trondheim: Museumsforlaget
- Skogstrand, L. (2019). *Arkeologiske undersøkelser i vassdrag. Faglig program for Midt- og Nord-Norge*. Riksantikvaren
- Stovner, I. L., (2021, 10. februar). Kulturhistorie. I Store Norske Leksikon. <https://snl.no/kulturhistorie>
- Østmo, E. & Hedeager, L. (2005). *Norsk arkeologisk leksikon*. Pax Forlag A/S

**VEDLEGG:**

Vedlagt er funnlista frå rapporten med mine egne redigerte tolkingar av funntype og funksjon.

Funn nr. /	X-koord	Y-koord	Kvadrant	Annen Kontekst	Mek Lag	Klassifisering	Råstoff	Sekundær påvirkning	Del	Sum	Beskrivelse/Notat
1	50	100	SV	R 210	BL1	avslag/bit	bergkrystall			1	1 mikro. Den opprinnelig prøvesikkfunn. Prøvestykket dannet utgangspunkt for hele rutenett.
2	50	100	SV	R 210	BL1	Mikroflekke	flint		Medial	1	fin grå
3	42	100	SV		B1	avslag	flint			1	1 medio. Frostsprengd grå flint.
4	44	100	SV		B1	Ryggflekke	flint			1	Smalflekk. Korteks på rygg. Fossil. Mulig stikkel i ein ende.
5	45	97	NV		B1	avslag	flint			1	1 medio. Grå
6	45	98	NØ		B1	avslag	kvarts			1	1 medio.
7	45	98	NØ		B1	avslag	flint	Bruksskader		1	1 medio. Mulig avslag frå botnen av ei kjerne.
8	45	98	NV		B1	avslag	flint	1 varme/kulde		2	1 mikro. 1 medio. 1 brenn (gråblå). 1 brungrå med korteks (spiss, men slått frå sida).
9	45	99	NØ		B1	avslag	Flint			3	2 mikro. 1 medio. Grå. 1 mulig kulde/varmepåverka
10	45	99	NØ		B1	Mikroflekke	flint		Medial	1	Grå
11	45	99	NØ		B1	Skiveskraper	flint	Retusjert		1	Retusjert distalt. Grå.
12	45	99	NV		B1	avslag	flint	Varme/kulde		3	1 mikro. 2 medio. Dei to mindre passa saman med den største. Grå. Mulig frost/varmepåverknad. Den største er mulig stikkel og den minste er tilhøyrande stikkelavslag.
13	45	100	NØ		B1	avslag	flint	Varme/kulde		2	2 mikro. Mørk grå.
14	45	100	SV		B1	avslag	Flint			1	1 mikro. Grå.
15	45	101	NØ		B1	avslag/bit	bergkrystall			1	1 bit
16	45	101	NØ		B1	Mikroflekke	flint		Medial	1	Grå.
17	45	101	NV		B1	avslag	Flint	Retusjert		1	1 medio. Fin grå. Retusj på egg og på knekk mot proksimal. Knusing i distal ende. Mulig stikkel.
18	45	101	NV		B1	avslag	bergkrystall			1	Med knusing
19	45	101	NV		B1	Bipolar kjerne	flint			1	Fin mørk grå. Knusing på langside i tillegg til to endar.
20	45	102	NV		B1	Mikroflekke	flint	Retusjert	Medial	1	Fin mørk grå. Mulig tverrpil eller mikrolitt. Brot gir den form som ei skrå tverrpil. Retusj på lengste langside.
21	46	97	SØ		B1	avslag	flint	Retusjert og varme/kulde		1	1 medio. Fossil mørk grå. Spiss i distal.
22	46	98	NØ		B1	avslag	flint	Kulde/varme		3	2 mikro. 1 medio. 2 fin brungrå og 1 gråblå fossil. 1 korteks og ein frostsprengd (mulig varme).
23	46	99	NØ		B1	avslag	flint			1	1 medio. Lys grå. Hengsla. Mulig tverrpil.
24	46	99	SV		B1	Smalflekk	flint		Medial	1	Fin grå
25	46	99	SV		B1	Avslagskniv	flint	Retusjert		1	Grov grå. Retusj langs egg. Mulig stikkel.
26	46	100	NØ		B1	avslag	flint			2	2 medio. 1 fin mørk grå og 1 lys grå. 2 korteks. Den mørke har knusing i ein ende og den lyse er mulig frostsprengd.
27	46	100	NØ		B1	avslag	bergkrystall			1	1 medio. Ein del knusing og spor, mulig bipolar
28	46	100	NØ		B1	Ubestembar kjernefragment	flint			1	Grov grå. Mulig avslag. Korteks.
29	46	100	NØ		B1	Mikroflekke	flint	Bruksskadar	Distal	1	Fin lys grå. Bruksskadar langs ein egg og rundt distal.
30	46	100	NØ		B1	Endeskraper på avslag	kvartsitt	Retusjert Bruksskader		1	Passar saman med /219. Mørk grå kvartsitt. Om lag 4x5cm.
31	46	100	NV		B1	avslag	flint	1 retusjert		2	2 medio. Lys blank fossil. 2 korteks og 1 retusjert.
32	46	100	NV		B1	Mikroflekke	flint	Retusjert	Distal	1	Fin mørk grå. Retusj langs egg og i enden. Mulig liten endeskraper.
33	46	100	NV		B1	Avslag	flint	Retusjert		1	1 Medio. Lys grå med korteks. Mulig stikkel.
34	46	100	SØ		B1	avslag/bit	flint	Kulde/varme		1	1 medio. Mørk grå
35	46	100	SV		B1	Bipolar kjerne	flint			1	Gråbrun. Korteks. Knusing på ei side.
36	46	100	SV		B1	avslag	kvartsitt			2	2 mikro. Hvitt tett kvartsitt.
37	46	101	NØ		B1	Mikrostikkel	flint	Retusjert		1	Todelt farge, fin lys og mørk grå. Flekke som er knekt i begge endar og har skrå retusj mot det eine brotet. Mikrostikkelteknikk.
38	46	101	NV		B1	avslag/bit	flint	Varme		2	2 medio. Grå. Sterkt varmepåverka, med "popout". Bitane passar saman.

39	46	101	NV		B1	avslag	kalsedon/fin kvartsitt			1	1 mikro. Lys grå/kvit.
40	46	101	NV		B1	Mikroflekke	kvartsitt		Proksimal	1	Lys kvartsliknande kvartsitt.
41	46	101	NV		B1	Mikroflekke	flint		Distal	1	Fin lys grå. Mulig retusj/bruksskadar langs ein egg. Retusj rundt distal. Lik /29, tenkjeleg frå same kjerne og har same funksjon.
42	46	101	NV		B1	avslag	kvartsitt			1	1 medio. Grov grå kvartsitt med kvite band. Form som ein trekant. Den lengste sida er knekt av, den kortaste er butt og den siste er skarp med mulig retusj. Passar saman med /46 og /47.
43	46	101	SØ		B1	avslag	flint	Varme/kulde		1	1 medio. Mørk grå med korteks. Proksimal manglar grunna varme/kuldepåverka.
44	46	101	SØ		B1	Smalflekk	flint	Retusjert/bruksskadar	Proksimal	1	Fin mørk grå.
45	46	101	SV		B1	avslag	Flint	1 retusjert, 1 varmpåverka, 1 frostsprengd.		6	4 mikro. 2 medio. 1 blågrå(krakkelerert) og 5 grå. 3 korteks. Det eine avslaget er retusjert på liten avrunda egg ned mot ein spiss i distal (mulig sylfunksjon). Knekt i proksimal med med lite hengselavslag frå proksimalen(stikkel?). Ein ujamn flintklump med korteks har mulig stikkelfunksjon.
46	46	102	NV		B1	Endeskraper	kvartsitt	Retusjert		1	Grov grå kvartsitt med kvite band. Passar saman med /47 og /42. Når dei tre delande er satt saman har skraparen retusj langs to egg.
47	46	102	NV		B1	medioavslag med bruksspor	kvartsitt			1	Grov grå kvartsitt. Retusjert langs sidekant. Passar saman med /46 og /42.
48	46	102	NV		B1	avslag	flint	1 varmpåverka		2	1 mikro. 1 medio. 1 grå og 1 gråblå.
49	46	102	NV		B1	avslag	kvarts			1	1 medio. Ingen sikre slagspor.
50	46	102	NV		B1	Flekkfront	flint			1	Mørk grå med korteks. Trulig slått av for å fjerne feilslag. Mulig stikkel.
51	46	102	NV		B1	Ryggsmaflekk	flint			1	Fin grå med korteks. Overløpande. Mulig stikkel.
52	47	99	NØ		B1	avslag	flint			1	1 mikro. Grå. Lite flak.
53	47	99	NØ		B1	avslag	kvartsitt			1	1 mikro. Lys kvartsliknande. Mulig flekkefragment.
54	47	99	NØ		B1	Flekkeligende avslag	Kvartsitt	Retusjert		1	Fin lys grå(mulig kalsedon?). Retusjert langs ein egg. Den har tange, men det er usikkert om denne er laga intensjonelt. Den er butt i motsatt ende av mulig tange. Mulig tangespiss.
55	47	99	NV		B1	avslag	kvarts			1	1 mikro. Med innslag av bergkrystall.
56	47	99	NV		B1	Bipolar kjerne	Kvartsitt/kalsedon			1	Stor. Knusing i begge endar.
57	47	99	NV		B1	avslag	bergkrystall	Retusjert		1	Flekkeliknande. Spor av tre naturlige prismesider. Fin retusj på ein egg.
58	47	99	NV		B1	Avslag	kvartsitt	Retusjert		1	Grov lys grå lagdelt. Knekt i proksimal ende. Fin retusj i distal. Mulig skjærereiskap.
59	47	99	NV		B1	avslag	flint	1 retusjert		2	1 mikro. 1 medio. 1 grå og 1 fin lys grå/kvit. Det lyse er flekkeliknande og har fin retusj langs ein egg og grov retusj langs den andre. Mulig liten spiss.
60	47	99	NV		B1	avslag/bit	bergkrystall			1	1 medio. 2 naturlige prismesider. Mulig prisme som er slått med bipolar teknikk.
61	47	99	NV		B1	Bipolare kjernefragment	flint	Retusjert		1	Grov grå. Retusj langs ein egg. Mulig borr i distal.
62	47	99	NV		B1	avslag	bergkrystall			5	4 mikro. 1 medio. Mulig bipolar teknikk.
63	47	99	NV		B1	avslag/bit	kvarts			1	1 medio.
64	47	100	NØ		B1	avslag	flint	Varme/kulde		13	5 mikro. 8 medio. 14 deler no. Grå. 2 korteks, 6 varmpåverka og mogleg nokre frostsprengde. 1 mulig stikkel.
65	47	100	NØ		B1	Plattformavslag	flint	Varmepåverka		1	Mørk grå. Varmepåverka med popouts.
66	47	100	NV		B1	avslag	flint			7	2 mikro. 5 medio. Grå. 4 korteks.
67	47	100	NV		B1	avslag	kvartsitt			4	4 medio. Grå.
68	47	100	NV		B1	avslag	kvartsitt	Bruksskadar/Retusjert		2	1 mikro. 1 medio. Gråblå, mulig kalsedon. Mulig retusj og/eller bruksskadar. Den største er ein mulig tangespiss. Den minste er ei mulig tverrpil.



69	47	100	SØ		B1	avslag	flint	3 Varmepåverka		7	4 mikro. 3 medio. Grå. 2 korteks.
70	47	100	SØ		B1	Smalflekkje	Kvartsitt		Proksimal	1	Lys/kvit, mulig kalsedon.
71	47	100	SØ		B1	overløpande mikroflekkje	flint		Hel	1	Grå
72	47	100	SØ		B1	Bipolar kjernefragment	kvartsitt			1	lys/kvit.
73	47	100	SV		B1	avslag	flint		5 varme/kulde	20	12 mikro. 8 medio. Grå. 3 korteks. 1 mulig stikkel.
74	47	100	SV		B1	Bipolar kjerne	kvartsitt			1	Grå. Mulig kalsedon? Likt materiale som /56.
75	47	100	SV		B1	Mikroflekkje	flint	varme/kulde	distal	1	Gråbrun fossil.
76	47	101	NØ		B1	avslag	flint			4	1 mikro. 3 medio. Mørk grå. Flekkeliknande.
77	47	101	NØ		B1	Smalflekkje	flint		Proksimal	1	Lys grå med korteks.
78	47	101	NØ		B1	Smalflekkje	flint		Proksimal	1	Fin grå.
79	47	101	NØ		B1	Smalflekkje	flint		Proksimal	1	Fin lys grå.
80	47	101	NØ		B1	Smalflekkje	flint		Proksimal	1	Fin mørk grå fossil.
81	47	101	NV		B1	avslag	flint	4 varmepåverka		7	3 mikro. 4 medio. Lys til mørk grå. 2 korteks.
82	47	101	NV		B1	Smalflekkje	flint		Proksimal	1	Lys grå fossil.
83	47	101	NV		B1	Smalflekkje	flint	Varme/kulde	Proksimal	1	Gråblå. Mulig stikkel.
84	47	101	SØ		B1	avslag	flint	Varme/kulde		1	1 medio. Grå.
85	47	101	SØ		B1	Avslag	kvarts	Retusjert		1	Stor bit med slagspor. Grov retusj på skarp kant.
86	47	101	SV		B1	avslag	flint			1	1 mikro. Grov grå. Form som ein liten tange og brot i motsatt ende.
87	47	101	SV		B1	avslag	bergkrystall			1	1 medio.
88	47	101	SV		B1	makroflekkje	flint	Retusjert	distal	1	fin lys grå fossil. Retusj langs ei heil langsida. Skadd i proksimal. Mulig mikrolitt med skotskade. Retusjen er skraparaktig, mulig sideskrapar.
89	47	102	SV		B1	Mikroflekkjekjerne	flint			1	fin grå. Korteks. Ein flat platform og ein skråspiss avspalting i motsatt ende. Konisk.
90	47	102	SV		B1	Andre kjerner med minst to plattformer	flint			1	Mørk fin. Korteks. Uregelmessig.
91	48	98	NE		B1	Bipolar kjerne	Bergkrystall			1	
92	48	98	SE		B1	avslag/bit	Bergkrystall			1	1 medio.
93	48	98	SE		B1	bipolar kjerne	Bergkrystall			1	Lang med tre sider. Flekkeliknande.
94	48	99	NE		B1	avslag	Flint			1	1 medio. Grov grå. Tverrpilform.
95	48	99	NE		B1	avslag	Kvartsitt			2	1 mikro. 1 medio. Grå.
96	48	99	NE		B1	avslag	Kvartsitt			1	Grå. Mulig kjernefragment.
97	48	99	NE		B1	flekkeliknande avslag.	Flint	Varmepåverka Retusj/Brukss kadar		1	Fin gråblå. Knekt på to sider. Retusj på ein egg. Butt langs den andre langsida.
98	48	99	SE		B1	avslag	Kvartsitt			1	lys grå. Mulig lite plattformavslag.
99	48	99	SE		B1	avslag/bit	Bergkrystall			1	1 mikro.
100	48	99	SE		B1	Smalflekkje	Kvartsitt		Proksimal	1	Lys gråkvit.
101	48	99	SW		B1	avslag	Flint	1 varmepåverka		3	3 medio. 2 grå, 1 lys/kvit. Ei av dei to grå er ei mulig tverrpil.
102	48	99	SW		B1	avslag/bit	Bergkrystall			1	1 medio.
103	48	99	SW		B1	avslag	Kvartsitt			2	2 medio. Grå kvartsitt. Den eine er ei bipolar kjerne.
104	48	99	SW		B1	Ubestembar kjernefragment	Kvartsitt			1	Grå. Knekt i begge endar. Omlag 8 slagspor.
105	48	100	NE		B1	avslag og mikroflekkjefragment.	Flint	1 varme/kulde		7	4 mikro. 3 medio. Lys til mørk grå. 4 avslag. 1 proksimal mikroflekkje. 2 medial av mikroflekkje, den eine passar saman med /107.
106	48	100	NE		B1	avslag	Kvartsitt			3	3 medio. Lys/kvit.
107	48	100	NE		B1	Mikroflekkje	Flint		Proksimal	1	fin lys.
108	48	100	NE		B1	Flekkeliknande avslag	Kvartsitt			1	Lys og mørk stripete gråblå. Ryggflekkje.
109	48	100	SE		B1	avslag	Flint	1 Varmepåverka		2	2 medio. Grå. 1 korteks.
110	48	100	SE		B1	avslag	Kvartsitt			3	1 mikro. 2 medio. Lys/kvit.
111	48	100	SE		B1	avslag	Flint	Retusjert			Lys gråblå.
112	48	100	SW		B1	avslag	Flint	2 varmepåverka		5	3 mikro. 2 medio. Grå med varierende grovheit.
113	48	100	SW		B1	avslag	Kvartsitt			4	2 mikro. 2 medio. Kvit kvartsliknande.
114	48	100	SW		B1	bipolar kjernefragment	Flint			1	Fin mørk grå.
115	48	100	SW		B1	Bipolar kjerne	Flint			1	Fin grå med mørke flekkar.

116	48	100	NW		B1	avslag og mikroflekkefragment.	Flint	3 varmpåverka		6	5 avslag, grå med forskjellig mørkheit og grovheit. 1 proksimal av mikroflekke, fin gråbrun fossil.
117	48	100	NW		B1	avslag	Kvartsitt			2	1 mikro. 1 medio. Lys/kvit.
118	48	100	NW		B1	avslag	Kvartsitt			1	1 medio. Lys og mørk stripe gråblå.
119	48	100	NW		B1	Flekkelignende avslag	Kvartsitt	Retusjert		1	Lys og mørk stripe gråblå. Konkav retusj i distal.
120	48	101	NE		B1	avslag	Flint			1	1 medio. Grå. Mulig tverrpil eller ubestemt prosjektil.
121	48	101	NW		B1	avslag	Flint	Varmepåverka		2	1 mikro. 1 medio. Grå med korteks. Passar saman. Den lille har poppa av på grunn av varmpåverknad.
122	48	101	NW		B1	avslag/bit	Bergkrystall			2	2 mikro.
123	48	101	NW		B1	Bipolar kjerne	Flint			1	Fin grå. To hengsla avslag gir den form som ein tange, mulig stikkel.
124	48	101	NW		B1	avslag	Flint	Retusjert		1	Grå med korteks. Retusj er mulig plattformkant.
125	48	101	NW		B1	Smalflekk	Flint	Retusjert		1	fin mørk grå.
126	48	101	SE		B1	avslag	Flint	2 varmpåverka		6	1 mikro. 5 medio. Fin mørk og grov grå. 2 korteks. Den eine mørke varmpåverka er no i to deler.
127	48	101	SW		B1	avslag/bit og mikroflekkefragment	Flint	6 varmpåverka		11	8 avslag, fin mørk til grov grå, 1 korteks. 1 bit, mørk grå pyramideform med mulig slipt flate. 2 medial av mikroflekker, fin gråbrun og grov grå. Det eine flekkefragmentet kan vere ei tverrpil.
128	48	101	SW		B1	Flekkkniv	Kvartsitt	Retusjert		1	Grå. Retusj langs ein egg og mulig retusj langs den andre.
129	49	99	NE		B1	avslag	Flint	4 varmpåverka		9	4 mikro. 5 vanlig. Grå. 3 av dei varmpåverka passar saman. To er mulig stiklar og ein er tilhøyrande stikkelavslag til ein av dei.
130	49	99	NE		B1	avslag	Kvartsitt			7	3 mikro. 4 medio. Ein mulig stikkel.
131	49	99	NE		B1	avslag/bit	Bergkrystall			1	1 mikro.
132	49	99	NE		B1	avslag	Kvarts			3	3 medio. To passar saman.
133	49	99	NW		B1	avslag	Flint			1	1 medio.
134	49	99	SE		B1	avslag	Kvartsitt			5	1 mikro. 4 medio. Lys og mørk stripe gråblå. Den eine er ein tange, men spissen manglar. Ein mulig stikkel.
135	49	99	SE		B1	avslag	Kvartsitt			1	1 mikro. Kvit kvartsliknande.
136	49	99	SE		B1	Smalflekk	Kvartsitt	Retusjert/Br uksskadar	distal	1	Mørk med kvite flekkar. Retusj langs ein egg. Mulig fragment av flekkkniv.
137	49	99	SW		B1	avslag	Kvartsitt			2	1 mikro. 1 medio. Lys grå.
138	49	99	SW		B1	Mikroflekk	Flint		distal	1	Fin grå. Overløpande.
139	49	99	SW		B1	Smalflekk	Kvartsitt		Proksimal	1	Grå
140	49	100	NE		B1	avslag og mikroflekkefragment.	Flint	6 Varmepåverka		9	6 avslag, grå grov til mørk fin, 1 korteks. 2 proksimal av mikroflekke, fin grå. 1 medial av mikroflekke, fin gråbrun fossil.
141	49	100	NE		B1	avslag	Bergkrystall			1	1 mikro.
142	49	100	NE		B1	avslag	Kvartsitt	Vassrulla		1	1 medio. Lys grå mulig kalsedon.
143	49	100	NE		B1	Mikroflekk	Kvartsitt	Retusjert	distal	1	Mørk. Fin retusj langs ein egg.
144	49	100	NE		B1	avslag, flekkelignande avslag, flekkefragment og smalflekk.	Kvartsitt	4 retusjerte		10	3 avslag, 1 retusjert. 1 flekkelignande avslag med retusj. 2 proksimal av smalflekker. 2 smalflekker med retusj. 1 distal av mikroflekk. 1 mulig stikkel.
145	49	100	NE		B1	Avslagskniv 1/2	Flint	Retusjert/Bruk sskadar		1	Fin grå. Korteks. Passar saman med /146.
146	49	100	NE		B1	Avslagskniv 2/2	Flint	Retusjert/Bruk sskadar		1	Fin grå. Korteks. Passar saman med /145.
147	49	100	NE		B1	avslag	Kvartsitt	Retusjert		1	Passar saman med /148. Svart grå med kvite flekkar. Skrå retusj på begge eggar dannar ein spiss i distal. Prosjekttil?
148	49	100	NE		B1	avslag	Kvartsitt	Retusjert		1	Passar saman med /147. Svart grå med kvite flekkar. Skrå retusj på begge eggar dannar ein spiss i distal. Prosjekttil?
149	49	100	NW		B1	avslag og mikroflekk	Flint	1 retusjert, 1 varmpåverka		8	7 avslag, grå til fin gråbrun. 1 avslag er retusjert. 1 kort mikroflekk, fin gråbrun.
150	49	100	NW		B1	avslag	Kvartsitt			3	3 mikro. Lys/kvit.
151	49	100	NW		B1	avslag	Bergkrystall			1	1 mikro.
152	49	100	NW		B1	avslag	Kvarts			2	2 mikro.

153	49	100	NW		B1	flekkelinkande avslag og flekkefragment	Kvartsitt	1 retusjert		5	Svart grå med kvite flekkar. 1 proksimal av mikroflekke. 1 medial av smlflekke. 1 distal av makroflekke. 2 flekkelinkande avslag, 1 med retusj. Den med retusj er mulig ein øydelagd eller uferdig skrapar.
154	49	100			B1	plattformkjernefragment	Bergkrystall			1	Mulig fleire plattformar.
155	49	100	NW		B1	Flekkedkniv	Kvartsitt	Bruksskadar/ Retusjert		1	Flekkedkniv på overløpande makroflekke. Svart med kvite striper/flekkar. Fin retusj langs egg.
156	49	100	NW		B1	Makroflekke	Flint	Retusjert	Medial	1	fin grå. Makroflekkefragment med retusj langs begge sider. Mulig tverrpil. Mulig fragment av flekkedkniv.
157	49	100	NW		B1	Mikroflekke	Flint			1	Lys grå grov.
158	49	100	NW		B1	Smalflekke	Kvartsitt			1	Lys/kvit
159	49	100	NW		B1	Mikroflekke	Kvartsitt			1	lys/kvit.
160	49	100	NW		B1	Smalflekke	Kvartsitt	Retusjert	Proksimal	1	lys. Konkav fin retusj mot knekk i distal. Mikrostikkelteknikk?
161	49	100	NW		B1	Makroflekke	Kvartsitt	Retusjert	Medial	1	Konkav retusj mot knekk i distal. Mikrostikkel?
162	49	100	NW		B1	Ryggflekke	Kvartsitt		distal	1	Proksimal manglar.
163	49	100	SE		B1	avslag og mikroflekkefragment.	Flint	1 Varmepåverka		8	7 avslag, grå. 1 proksimal av mikroflekke, fin grå, varmpåverka. 3 mulige stiklar.
164	49	100	SE		B1	avslag	Bergkrystall			1	1 mikro.
165	49	100	SE		B1	avslag	Kvartsitt			2	2 mikro. Lys/kvit.
166	49	100	SE		B1	avslag og flekkefragment	Kvartsitt			10	7 avslag. 2 distal av smalflekker. 1 medial av mikroflekke. To mulige tverrpil.
167	49	100	SE		B1	Flekkelignende avslag	Kvartsitt	Retusjert		1	Knekt i distal. Retusj langs ein egg.
168	49	100	SE		B1	avslag	Flint	Retusjert		1	Grå. Retusj kan vere plattformkant, mulig plattformavslag. Det kan òg vere fragment av ein skrapar.
169	49	100	SW		B1	avslag	Flint			4	2 mikro. 2 medio. Kvit kvartsliknande.
170	49	100	SW		B1	avslag	Bergkrystall			1	1 mikro.
171	49	100	SW		B1	avslag og flekkefragment	Kvartsitt			5	3 avslag, 1 retusjert. 1 distal av mikroflekke. 1 medial av ryggflekke. Den eine heilt kvite og den eine gråblå spettete er mulige stiklar.
172	49	100	SW		B1	ryggflekke	Flint			1	Fin grå.
173	49	100	SW		B1	Bipolar kerne	Kvartsitt			1	Gråblå med kvite spettar. Mulig stikkel.
174	49	101	NE		B1	avslag og flekkefragment	Flint	2 varmpåverka		3	1 avslag, grå, varmpåverka. 1 distal av mikroflekke, fin grå. 1 medial av mikroflekke, kvit krakkelertbrent.
175	49	101	NW		B1	avslag	Bergkrystall			1	1 medio.
176	49	101	NW		B1	plattformkjernefragment	Flint			1	Mulig retusj/slitasje langs egg.
177	49	101	NW		B1	Mikroflekke	Flint	Retusjert/Bruk sskadar	Proksimal	1	Fin brungrå. Slitasje langs egg.
178	49	101	SW		B1	avslag	Flint			3	1 mikro. 2 medio. Grov grå til fin gråbrun. 1 korteks. Ein er ein mulig stikkel.
179	49	101	SW		B1	Makroflekke	Kvartsitt	Retusjert		1	Retusj langs to eggar. Brot i distal.
180	49	101	SW		B1	Mikroflekke	Kvartsitt		medial	1	Lys grå, mulig kalsedon.
181	49	101	SE		B1	avslag	Flint	1 Varmepåverka		4	3 avslag, grå, 1 varmpåverka. 1 proksimal av mikroflekke, fin brungrå karamell.
182	50	99	NE		B1	avslag	Flint			1	1 mikro. Fin lys gråbrun.
183	50	99	NE		B1	Mikroflekke	Bergkrystall			1	To naturlige flater.
184	50	99	NW		B1	avslag	Flint			1	1 medio. Grå med korteks. Truleg slått av på grunn av hengsling. Brot i distal.
185	50	99	NW		B1	avslag/bit	bergkrystall			1	1 bit med slagspor.
186	50	99	NW		B1	makroflekke	Flint	Retusjert/Bruk sskadar	Medial	1	Grå. Mulig del av flekkedkniv.
187	50	99	SE		B1	Smalflekke	Kvartsitt			1	Lys/kvit. Kort flekke.
188	50	99	SE		B1	Mikroflekke	Kvartsitt			1	
189	50	99	SE		B1	avslag	Flint	Retusjert		1	Grå. Retusj på ei side.
190	50	99	SW		B1	avslag	Flint			1	1 medio. Lys og mørk grå.
191	50	100	NE		B1	avslag	Flint	Varmepåverka		3	3 mikro. Lys grå/kvit.
192	50	100	NE		B1	avslag	Kvartsitt			1	1 mikro. Lys grå.
193	50	100	NW		B1	avslag/bit	kvarts			1	1 mikro.
194	50	100	SE		B1	avslag	Flint	1 Varmepåverka		8	1 mikro. 7 medio. Lys gråbrun og 1 kvit. 7 er av samme materiale, tenkjeleg same kjerne.
195	50	100	SE		B1	avslag/bit	Kvartsitt			4	3 mikro. 1 medio. Lys/kvit.
196	50	100	SE		B1	Mikroflekke	Flint		Medial		Fin grå. Mulig tverrpil.
197	50	100	SW	PS 1	B1	avslag	Kvartsitt			2	2 medio. 1 kvit og 1 mørk. Mulig bruksskadar på den mørke. Utviding av PS 210

198	50	100	SW	PS 1	B1	flekkeliknande avslag.	kvartsitt		proksimal	1	grå, mulig kalsedon. Makroflekkeproksimal. Utviding av PS 210.
199	50	101	NW		B1	avslag/bit	Bergkrystall			1	1 bit med ei naturlig flate og knusing.
200	50	101	NW		B1	avslag/bit	kvartsitt			2	Grå, mulig kalsedon.
201	42	100	NW		B2	avslag	Flint			1	1 medio. Gråbrun fossil med korteks. Frå gravning av N-S sjakt.
202	44	100	NW		B2	avslag	Flint	2 varmpåverka		7	5 mikro. 2 medio. Grå, 1 mørk grå. 2 korteks. 1 mulig stikkel.
203	44	100	NW		B2	Mikroflekke	Flint	Retusjert	Distal	1	Fin mørk grå med kvit flekk. Retusj/bruksskadar langs egg. Skrå retusj mot brot i distal.
204	44	100	SW		B2	avslag	Flint	1 Varmepåverka		3	1 mikro. 2 medio. 2 gråbrun fossil, 1 grå. 1 korteks. Frå gravning av N-S sjakt.
205	45	100	NE		B2	avslag, ryggflekke og flekkefragment.	Flint	1 varmpåverka, 1 retusjert/bruksskadar		4	2 avslag, grov grå og fin brungrå. 1 ryggflekke, grå, varmpåverka, korteks. 1 proksimal av smalflekke med retusj/bruksskadar, lys brungrå fossil.
206	45	100	NE		B2	avslag/bit	Skifer/bergart			1	1 bit. Lys brunn, sterkt vitra.
207	45	100	NE		B2	Flekkeliknande avslag	Flint		Proksimal	1	Lys brungrå fossil. Passar saman med /208.
208	45	100	NE		B2	Flekkeliknande avslag	Flint		Distal	1	Lys brungrå fossil. Passar saman med /207.
209	45	100	NE		B2	Kjernefragment	Flint			1	Fin grå. Kjernefragment/avslag av kjerne. Truleg slått av på grunn av hengsling. Mulig retusj/bruksskadar.
210	45	100	NE		B2	smalflekke	Flint	retusjert	Proksimal	1	fin grå.
211	45	100	NE		B2	avslag	Flint	Retusjert		1	fin mørk. Har truleg ein samanheng med /212 og /213.
212	45	100	NE		B2	avslag	Flint	Retusjert		1	fin mørk. Skraparliknande retusj. Mulig borrsmiss. Har truleg ein samanheng med /211 og /213.
213	45	100	NE		B2	avslag	Flint	Retusjert		1	fin mørk. Skraparretusj. Har truleg ein samanheng med /211 og /212.
214	45	100	SW		B2	avslag og flekkefragment	Flint	1 Varmepåverka		15	13 avslag, lys til mørk grå og ein blankbrun fossil, 1 korteks. 1 distal av overløpande makroflekke, grov grå. 1 proksimal av mikroflekke, fin lys grå. 1 mulig stikkel eller bipolar kjerne.
215	45	100	SW		B2	avslag	kvarts			2	1 mikro. 1 medio.
216	46	100	NE		B2	avslag og mikroflekkefragment	Flint	5 varme/kulde		6	5 avslag, fin til grov grå, 3 frostsadd, 1 varmpåverka. 1 medial av mikroflekke, lys grå krakkelert, varmpåverka.
217	46	100	NE		B2	avslag	kvartsitt			1	Lys grå, mulig kalsedon.
218	46	100	NE		B2	Makroflekke	Flint	Retusjert, varmpåverka	Proksimal	1	Fin grå, mulig kalsedon. Retusj langs egg, knekk i distal. Mulig eit lite stikkelavslag horisontalt ut ifrå proksimalen, stikkel?
219	46	100	NE		B2	flekkekniv/skrapar	Kvartsitt	Retusjert	Proksimal	1	Svart grå. Makroflekke. Retusj langs to egg. Retusjen er slått frå ei side langs ein egg, og motsatt frå den andre. Passar saman med /128. Når desse er salt saman er det ein endeskrapar på flekke med skjærefunksjon langs eggane.
220	46	100	NW		B2	avslag	Flint			2	1 mikro. 1 medio. Grå med korteks.
221	46	100	NW		B2	avslag	Kvartsitt			2	1 mikro. Lys/kvit.
222	46	100	NW		B2	avslag	Skifer/bergart			3	3 medio. Lys brun, sterkt vitra.
223	46	100	NW		B2	bergartseks/meisel	Skifer/bergart			1	Lys brun, sterkt vitra. Mulig slipt økse/meisel-egg, det kan vere naturlig band med anna bergart som er hardare. Mulig retusj langs sidekant. Bergarten er sterkt vitra og difor vanskelig å bestemme med sikkerheit.
224	46	100	SE		B2	avslag	Flint	1 Varmepåverka		6	1 mikro. 5 medio. (No er det 7). Gråbrune nyansar. 4 korteks. Antakeleg nokre med stikkelfunksjon. 1 tange uten spiss. 1 mulig tverrpil. 1 mulig stikkel.
225	46	100	SE		B2	avslag	Bergkrystall			1	1 medio. Flekkeliknande, antakeleg ein stikkel.
226	46	100	SE		B2	avslag	Kvartsitt			2	2 medio. Blågrå kvitspettete. Ein som ein kort hengselflekk.
227	46	100	SW		B2	avslag	Flint			1	1 medio. Grov mørk grå.
228	46	100	SW		B2	avslag/bit	Skifer/bergart			1	1 medio. Lys brun, sterkt vitra.
229	47	100	NE		B2	avslag/bit	Flint	3 Kulde/varme		4	3 mikro. 1 medio. Grå. 1 mulig stikkel.
230	47	100	NE		B2	avslag	Bergkrystall			1	1 medio. Stikkel?
231	47	100	NE		B2	avslag	Flint	Retusjert		1	1 Mikro. Grå med korteks. Konkav retusj, mulig plattformavslag. Stikkel?
232	47	100	NE		B2	Mikroflekke	Flint	Bruksskadar/Retusjert	Medial	1	Fin mørk grå. Retusj eller bruksskadar på hjørne mot ende. Tverrpil, mulig mikrostikkeltknikk.

233	47	100	NE		B2	Avslag	Flint/kvartsitt?	retusjert		1	gråbrun. Stikkel?
234	47	100	NW		B2	avslag	Flint	5 varme/kulde		11	5 mikro. 6 medio. Grå til gråbrun. 3 korteks. 2 mulige stiklar.
235	47	100			B2	avslag	kvartsitt			4	1 mikro. 3 medio. Lys/kvit.
236	47	100	NW		B2	Smalflekkje	Flint	retusjert	Proksimal	1	Grå
237	47	100	NW		B2	Ubestembar kjernefragment	Kvartsitt			1	Fin mørk grå. Stikkel?
238	47	100	NW		B2	Okerprøve	Oker			1	Det er restar av raudfarge på fleire av funna i konteksten. Her er det fleire med stikkelfunksjon. Mulig stad for dekorering av bein/tre-reiskapar.
239	47	100	SE		B2	avslag, flekkeliknande avslag og flekkefragment	Flint	2 retusjert/bruks slitasje		9	5 avslag, grå, 1 med retusj. 1 flekkeliknande avslag, fin brungrå karamell med korteks, breiare enn lang med fleire flekkebaner, mulig kjernefragment. 2 medial av mikroflekkje, fin mørk grå, mulig retusj, 1 distal av mikroflekkje, fin lys brun. 2 medialar er mulig tverrpil.
240	47	100	SE		B2	avslag	kvartsitt			2	1 mikro. 1 medio. Lys, mulig kalsedon.
241	47	100	SE		B2	avslag	Bergkrystall			1	1 mikro.
242	47	100	SE		B2	flekkeliknande avslag	Kvartsitt			2	1 mikro. 1 medio. Mørk grå.
243	47	100	SE		B2	Kjernefragment	Bergkrystall			1	Mulig stikkel. Ein kant er mulig retusjert eller plattformkant.
244	47	100	SE		B2	smalflekkje	flint		Medial	1	fin gråbrun.
245	47	100	SE		B2	Mikroflekkje	kvartsitt		Medial	1	mørk grå.
246	47	100	SW		B2	avslag og mulige stiklar	Flint	3 varmpåverka		16	9 mikro. 7 medio. Grå til gråbrun. 3 korteks. 3 med krystallar, saltutfelling?. 3 stikkel? 3 har tangeform, men ikkje retusjert tange. 2 av desse er antalegg stiklar.
247	47	100	SW		B2	avslag	Kvartsitt			1	1 medio. Kvit.
248	47	100	SW		B2	avslag	Kvartsitt			1	1 medio. Lys/kvit.
249	47	100	SW		B2	avslag/bit	Skifer/bergart			2	1 mikro. 1 medio. Lys brun, sterkt vitra.
250	47	100	SW		B2	Flekkeliknande avslag	Kvartsitt			1	lys/kvit. Knekt mot spiss distal.
251	47	100	SW		B2	Mikroflekkje	Flint		Medial	1	fin grå
252	48	100	NE		B2	avslag	Flint			1	1 medio. Grå med korteks.
253	48	100	NE		B2	avslag og flekkefragment	Kvartsitt			10	8 avslag. Gråblå med kvite spettar. 1 medial av smalflekkje, mørk. 1 medial av makroflekkje, mørk, retusj på begge sider inn mot knekt proksimal, tange? 1 mulig tverrpil.
254	48	100	NE		B2	avslag	Kvartsitt			3	3 medio. Lys grå/kvit.
255	48	100	NE		B2	avslag/bit	Bergkrystall			1	1 bit
256	48	100	NE		B2	Makroflekkje	Flint/bergart?	Retusjert/Br uksskadar	medial	1	Kvit svakt glitrande overflata, usikkert materiale. Mulig del av mikrolitt. Mulig stikkel.
257	48	100	NE		B2	avslag	Flint	varmpåverka , retusjert		1	Lys gråblå, krakkelert. Ujavn retusj rundt heile utanom knekt ende. Mulig plattformavslag.
258	48	100	NW		B2	avslag	kvartsitt			3	lys grå/kvit, mulig kalsedon.
259	48	100	NW		B2	flekkeliknande avslag	Kvartsitt			1	1 medio. Grå.
260	48	100			B2	Plattformkjernefragment	Kvartsitt			1	
261	48	100	NW		B2	Mikroflekkje	Kvartsitt		Proksimal	1	
262	48	100	SE		B2	avslag	Flint	1 frostsprengd		2	1 mikro. 1 medio. Grå. 1 korteks.
263	48	100	SE		B2	avslag/bit	Kvartsitt			7	7 mikro. Lys grå/kvit.
264	48	100	SE		B2	avslag	Kvartsitt	Bruksskadar/ Retusjert		1	Lys/kvit. Knekt på kvar langside. Mulig liten meisel eller tverrspiss.
265	48	100	SE		B2	Flekkeliknande avslag	Kvartsitt			1	Lys/kvit. Knekt i distal og ei langside. Begge langsidene er konkave og ei kortside. Mulig stikkelfunksjon. Mulig retusj
266	48	100	SW		B2	avslag, flekkeliknande avslag og flekkefragment	Kvartsitt			10	8 avslag, kvitblank til lys grågrøn. 1 flekkeliknande avslag, makro, kvit, form som ein veldig tynn mikrostikkel. 1 proksimal av smalflekkje, kvit. 1 mulig stikkel.
267	48	100	SW		B2	Mikroflekkje	Flint		Proksimal	1	fin flekkete mørk og lys grå.
268	48	100	SW		B2	Makroflekkje	Flint		Proksimal	1	fin flekkete mørk og lys grå. Mulig retusj i distal ende, det kan vere intensjonelt knekt av små bitar.
269	48	100	SW		B2	Mikroflekkje	Kvartsitt	retusjert		1	lys grå/kvit. Retusj langs ein egg.
270	48	100	SW		B2	Mikroflekkje	Kvartsitt			1	lys grå/kvit.
271	49	99	SE		B2	avslag	Kvartsitt			4	4 medio.
272	49	99	NE		B2	avslag, flekkeliknande avslag og plattformavslag	Flint			5	3 avslag, grå. 1 flekkeliknande avslag, proksimal makro, fin flekkete mørk og lys grå. 1 plattformavslag med plattformkant, grå.
273	49	99	NE		B2	avslag og mikroflekkje	Kvartsitt			3	2 avslag. 1 medial av tjukk mikroflekkje.
274	49	100	NE		B2	avslag	Flint			1	1 mikro. Grå.
275	49	100	NE		B2	smalflekkje	Flint	retusjert	Proksimal	1	grå. Retusj på egg.
276	49	100	SE		B2	avslag	Flint			2	2 mikro. Grå og kvit med glitrete overflate.

277	49	100	SE		B2	smalflekk	Kvartsitt		Proksimal	1	
278	49	100	SE		B2	Flekkelignende avslag	Kvartsitt			1	mørk grå.
279	49	100	SE		B2	Smalflekk	Kvartsitt		Proksimal	1	mørk grå.
280	50	100	SE		B2	avslag	Flint			1	1 medio. Grå
281				Str. 5		avslag	kvartsitt			1	1 mikro.Kvit, mulig kalsedon. Fra snittmasse i Str. 5.
282				Str. 5		flekkelignende avslag	Flint			1	1 medio. Fin mørk grå. Fra snittmasse i Str. 5.
283				Løsfunn		smalflekk	Flint		proksimal	1	1 mikro. Lys gråbrun. Lausfunn i austleg del av Ø/V sjakt.
284				Løsfunn		avslag	kvartsitt			1	1 medio. Kvit, mulig kalsedon. Lausfunn. SØ for feltet.
285				Løsfunn		avslag	Kvarts			1	1 medio. Mulig retusj/bruksskadar. Misfarging på slagsida, brent?. Lausfunn fra 12m SV for Pstikk 210.
286				Løsfunn		avslag	Flint	1 retusjert, 1 varmpåverka		2	2 medio. 1 grå med korteks, varmpåverka. 1 fin flekkete mørk og lys grå, hengsla, fin retusj langs sidene og bruksskadar på distal egg. Lausfunn spadd ut siste dagen.
287				Løsfunn		Smalflekk	Flint	varmpåverka, retusjert	Distal	1	grå. Lausfunn spadd ut siste dagen.
288				Løsfunn		Mikroflekk	Kvartsitt		Proksimal	1	Mørk grå. Lausfunn spadd ut siste dagen.
289	45	100	NW		B3	avslag	Flint	2 varmpåverka		8	5 mikro. 3 medio. Mørk til lys grå, fin mørk og lys karamell. 2 korteks. 1 med mulig bruksslitasje langs ein egg.
290	45	100	NW		B3	Mikroflekk	Flint	retusjert	proksimal	1	grov grå. Retusj langs egg.
291				Str. 2	B3	avslag	Flint			1	1 mikro. Grå. Funne under tømning av Str. 2.
292				Str. 2	B3	Flekkelignende avslag	Kvartsitt	retusjert		1	mørk grå til lys gråblå. Funne under tømning av Str. 2.
293	46	101	SV		B1	Mikroflekk	flint	retusjert	Proksimal	1	Fin mørk gråbrun. Pga. dobbelnummerering ligg den i opprinnelige pose.
294	47	100	SW			Trekullprøve	Kull			1	Toppen B2
295	45	100	SW		B2	Trekullprøve	Kull			1	
296				Str 8	B1	Trekullprøve	Kull			1	Struktur 8.
297				Str 8	B1	Trekullprøve	Kull			1	Str. 8.
298				Str. 9	B1	Trekullprøve	Kull			1	Str. 9.
299				Str. 4	B1	Trekullprøve	Kull			1	Str. 4
300				Str 8	B1	Trekullprøve	Kull			1	Str. 8.
301				Str 8	B1	Trekullprøve	Kull			1	Str. 8.
302				Str 8	B1	Trekullprøve	Kull			1	Str. 8.
303				Str 1		Trekullprøve	Kull			1	Vasket som en makroprøve også. Mulighet for makro analyse. 1,5L før flottering.

